



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG HANDELSDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 80

(2003–2004)

Om lov om endringer i lov 3. juni 1994
nr. 15 om Enhetsregisteret, lov 21. juni
1985 nr. 78 om registrering av foretak
og i enkelte andre lover

Innhold

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen ...	5	3.7.2	Melding om eigenavgang	19
			3.7.3	Melding frå tredjemann på grunnlag av dom	20
2	Bakgrunn for lovforslaget	7	3.7.4	Melding frå domstolane	20
2.1	Innleiing	7	3.7.5	Forslaget i høyringsnotatet	20
2.2	Høyring	7	3.7.6	Høyringsinstansane sitt syn	20
2.3	Om utvalde register	8	3.7.7	Departementet si vurdering	21
3	Endringar i einingsregisterlova	9	3.8	Opplysningar frå register som ikkje er tilknytte register	21
3.1	Generelt om Einingsregisteret	9	3.8.1	Innleiing	21
3.1.1	Bakgrunn	9	3.8.2	Forslaget i høyringsnotatet	21
3.1.2	Vurdering	9	3.8.3	Høyringsinstansane sitt syn	21
3.1.3	Generelle vurderingar frå høyringsinstansane	10	3.8.4	Departementet si vurdering	21
3.1.4	Departementet sine vurderingar	10	3.9	Utlevering av opplysningar	22
3.2	Formålsparagrafen i einingsregisterlova	11	3.9.1	Innleiing	22
3.2.1	Innleiing	11	3.9.2	Forslaget i høyringsnotatet	22
3.2.2	Forslaget i høyringsnotatet	12	3.9.3	Høyringsinstansane sitt syn	23
3.2.3	Høyringsinstansane sitt syn	12	3.9.4	Departementet si vurdering	23
3.2.4	Departementet si vurdering	12	3.10	Kontroll i Einingsregisteret	24
3.3	Samordning mellom Einingsregisteret og Konkursregisteret	13	3.10.1	Innleiing	24
3.3.1	Innleiing	13	3.10.2	Forslaget i høyringsnotatet	25
3.3.2	Generelt om Konkursregisteret	14	3.10.3	Høyringsinstansane sitt syn	25
3.3.3	Registrering i Einingsregisteret ved opning av konkurs	14	3.10.4	Departementet si vurdering	25
3.3.4	Sletting av konkursdebitor i Einingsregisteret	15	3.11	Enkelte mindre endringar	25
3.4	Registrering i Einingsregisteret etter krav i andre reglar	16	3.11.1	Dokumentopplysningar	25
3.4.1	Innleiing	16	3.11.2	Påteikning	26
3.4.2	Forslaget i høyringsnotatet	16	3.11.3	Opprydding i omgrep	27
3.4.3	Høyringsinstansane sitt syn	16	4	Endringar i føretaksregisterlova	28
3.4.4	Departementet si vurdering	16	4.1	Forretningskommune i vedtekter for andre selskap med avgrensa ansvar ...	28
3.5	Registrering av sameigarar i eigarseksjonssameige	17	4.1.1	Innleiing	28
3.5.1	Innleiing	17	4.1.2	Forslaget i høyringsnotatet	28
3.5.2	Forslaget i høyringsnotatet	17	4.1.3	Høyringsinstansane sitt syn	28
3.5.3	Høyringsinstansane sitt syn	17	4.1.4	Departementet si vurdering	28
3.5.4	Departementet si vurdering	18	4.2	Underskrift ved førstegongsmelding til Føretaksregisteret	28
3.6	Dokumentasjonskrav ved førstegongsregistrering	18	4.2.1	Innleiing	28
3.6.1	Innleiing	18	4.2.2	Forslaget i høyringsnotatet	28
3.6.2	Vedlegg til førstegongsmelding	18	4.2.3	Høyringsinstansane sitt syn	29
3.6.3	Forslaget i høyringsnotatet	19	4.2.4	Departementet si vurdering	29
3.6.4	Høyringsinstansane sitt syn	19	4.3	Administrativ sletting av føretak	30
3.6.5	Departementet si vurdering	19	4.3.1	Innleiing	30
3.7	Meldingar frå andre	19	4.3.2	Forslaget i høyringsnotatet	30
3.7.1	Innleiing	19	4.3.3	Høyringsinstansane sitt syn	30
			4.3.4	Departementet si vurdering	30
			4.4	Dokumentopplysningar	30
			4.4.1	Innleiing	30
			4.4.2	Forslaget i høyringsnotatet	30
			4.4.3	Høyringsinstansane sitt syn	31

4.4.4	Departementet si vurdering	31	6.2	Forslag til endringar i lov om registrering av føretak	36
4.5	Oppretting av inkuriar	31	6.3	Forslag til endringar i konkurslova	37
5	Økonomiske og administrative konsekvensar	32	6.4	Forslag til endring i dekningslova	37
5.1	Offentleg forvaltning	32	6.5	Ikraftsetjing og overgangsreglar	37
5.2	Næringslivet	32	Forslag til lov om endringer i lov 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret, lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak og i enkelte andre lover		
6	Merknader til dei enkelte føresegnene	33			39
6.1	Forslag til endringar i lov om Einingsregisteret	33			



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG HANDELSDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 80

(2003–2004)

Om lov om endringer i lov 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret, lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak og i enkelte andre lover

*Tilråding frå Nærings- og handelsdepartementet av 4. juni 2004,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Nærings- og handelsdepartementet kjem i proposisjonen med forslag til endringar i lov 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret, lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak og i enkelte andre lover.

Føremålet med endringane er å leggje betre til rette for at Einingsregisteret og Føretaksregisteret kan fylle oppgåvene som samordnarar og tilretteleggjarar for brukarane, dvs. både næringsliv og andre private og for det offentlege.

Hovuddelen av proposisjonen omhandlar Einingsregisteret. Erfaringane med registeret som vart oppretta i 1995 blir oppsummerte. Dette viser at registeret fungerer godt, men at det er behov for nokre tilpassingar i regelverket. Særleg er det behov for tiltak for å få ein noko betre kvalitet på opplysningane, særleg for å få inn oppdatert informasjon. Forslaga i denne proposisjonen vil føre til høgare kvalitet i både Einingsregisteret og Føretaksregisteret, til betre samordning og gjenbruk av dei registrerte opplysningane og til betre effektivitet i registra. Dette blir gjort ved å bruke eksisterande informasjon på betre måtar, og ikkje pålegge nye byrder på brukarane.

Det blir foreslått ei endring i formålsparagrafen i einingsregisterlova, for å gjere det klart at offentlege etatar har plikt til å nytte grunndata frå Einingsregisteret.

Departementet legg vidare fram forslag til betre samordning av forholdet mellom Konkursregisteret og Einingsregisteret. Etter dette skal Einingsregisteret få melding om konkursopningar frå Konkursregisteret. Vidare blir det foreslått eit betre tilpassa regelverk for sletting av konkursdebitor. Dette vil betre kvaliteten på Einingsregisteret og lette arbeidet for registra og brukarane.

Proposisjonen inneheld forslag til både materielle og systematiske endringar i regelverket om dokumentasjonskrav ved registrering i Einingsregisteret. Mellom anna blir det foreslått å lovfeste reglar om minimumsinnhald i stiftingsdokument. Dette vil gjere informasjonen lettare tilgjengeleg for særleg dei ikkje-profesjonelle brukarane av registra.

Departementet foreslår at retten til sjølv å fråtre ei registrert rolle i Einingsregisteret blir utvida. Det same gjeld rett til å melde endringar på grunnlag av

dom, registrering av opplysningar som følge av rettstap, og rett til å hente inn opplysningar frå andre register enn dei tilknytte. I tillegg blir det foreslått endringar i tilgangen på informasjon frå Einingsregisteret, og ei presisering av reglane om korleis Einingsregisteret skal føre kontroll. Vidare blir det sett fram forslag om at Einingsregisteret skal få høve til å gjere såkalla påteikningar i registeret.

Det blir òg foreslått at det ikkje lenger skal vere

nødvendig å registrere opplysningar om sameigarar i eigarseksjonssameige.

I føretaksregisterlova blir det mellom anna foreslått ei forenkling i kravet til underskrifter ved ny-meldingar til Føretaksregisteret, slik at den som har signaturrett, kan skrive under.

Vidare foreslår departementet ei mindre opprydding og endring i reglane om kva for opplysningar som skal stå på breva og forretningsdokumenta til ei eining/eit føretak.

2 Bakgrunn for lovforslaget

2.1 Innleiing

Lovforslaget byggjer på eit høyringsnotat som vart utarbeidd av Brønnøysundregistra første halvår 2002. Utvikling i arbeidsoppgåver og ei stor grad av registersamordning dei siste åra har gjort det nødvendig å sjå på harmoniseringa av reglane knytte til Einingsregisteret, Føretaksregisteret, Konkursregisteret og også andre offentlege register. Det blir lagt stadig større vekt på at innrapporteringspliktene til næringslivet må reduserast, og derfor er det behov for å sjå på gjenbruken av grunndata, og mellom anna formålsføresegna i einingsregisterlova.

Vidare hadde arbeidet med Einingsregisteret i praksis vist at det var behov for endringar.

I høyringsnotatet som ligg til grunn for desse endringsforslaga var det også forslag om å gjere Konkursregisteret til eit tilknytt register til Einingsregisteret. Dette er eit ledd i arbeidet med å kunne effektivisere og rasjonalisere konkursbubehandlinga, og heng nøye saman med Justisdepartementet sitt arbeid på området. Næringsdepartementet vil kome tilbake til forslaget i samarbeid med Justisdepartementet.

I høyringsnotatet vart det òg lagt fram forslag til ein del endringar i forskriftene til føretaksregisterlova og einingsregisterlova og dessutan i konkursforskrifta. Nærings- og handelsdepartementet vil følge opp desse endringsforslaga separat.

Det skjer for tida store endringar både i tekniske løysingar og i regelverket som er knytt opp mot digitale signaturar, og moglegheitene for elektronisk innrapportering og totalt nettbaserte tenester frå offentlege register. Departementet vil jamleg vurdere behovet for ytterlegare endringar i føretaksregisterlova og einingsregisterlova dersom utviklinga innanfor desse områda tilseier at det er behov for betre tilpassa lovtekniske løysingar.

Ved kongeleg resolusjon av 29. august 2003 vart Einingsregisteret overført frå Finans- og tolldepartementet til Nærings- og handelsdepartementet. Denne odelstingsproposisjonen blir dermed lagt fram frå Nærings- og handelsdepartementet.

2.2 Høyring

Høyringsnotatet forslaget byggjer på vart sendt på høyring frå Finans- og tolldepartementet 20. desember 2002, med høyringsfrist 21. mars 2003.

Høyringsnotatet vart sendt til desse institusjonane og organisasjonane:

Alle departementa

Aksjonærforeningen i Norge

Brønnøysundregistra

Datatilsynet

Den norske revisorforening

Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen

Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo

Det juridiske fakultet, Universitetet i Tromsø

Finansnærings Hovedorganisasjon

Forbrukarombodet

Forbrukarrådet

Gjeldsofferalliansen

Handels- og Servicenærings Hovedorganisasjon

Handelshøgskolen BI

Konkurransetilsynet

Konkursrådet

Kredittilsynet

Landslaget for Regnskapskonsulenter

Norges autoriserte regnskapsføreres forening

Noregs Bank

Norges kemner- og kommunekassererforbund

Norges kommunerevisorforening

Norsk bedriftsforbund

Norske inkassobyråers forening

Norske kredittopplysningsbyråers forening

Næringslivets Hovedorganisasjon

Oslo Børs

Riksrevisjonen

Skattedirektoratet

Skattefogdenes landsforening

Skatterevisorenes forening

Sparebankforeningen i Norge

Statistisk sentralbyrå

Stiftelsen norsk konkursforbund

Stortingets ombodsmann for forvaltninga

Økokrim

Finans- og tolldepartementet har fått desse høyringssvara: *Barne- og familiedepartementet, Den norske revisorforening, Fiskeridepartementet, For-*

Om lov om endringer i lov 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret, lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak og i enkelte andre lover

svarsdepartementet, Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnfordring, Helsedepartementet, Kredittilsynet, Landbruksdepartementet, Miljøverndepartementet og Utdannings- og forskingsdepartementet har ingen merknader til høringsnotatet.

Arbeids- og administrasjonsdepartementet, Data-tilsynet, Finansnæringens Hovedorganisasjon/Sparebankforeningen i Norge (fellesvar), Forbrukarrådet, Justis- og politidepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Konkurransetilsynet, Landslaget for Regnskapskonsulenter, Norges autoriserte regnskapsføreres forening, Noregs Bank, Nærings- og handelsdepartementet, Næringslivets Hovedorganisasjon, Rikstrygdeverket, Skattedirektoratet og Statistisk sentralbyrå har alle hatt merknader til høringsnotatet.

Høringsinstansane er generelt positive til forslaga i høringsnotatet. *Finansnæringens Hovedorganisasjon/Sparebankforeningen, Forbrukarrådet, Landslaget for regnskapskonsulenter, Næringslivets Hovedorganisasjon, Skattedirektoratet og Statistisk sentralbyrå* framhevar spesielt at dei er positive til forslaga som vil føre til høgare kvalitet både i Einingregisteret og Føretaksregisteret, og til betre samordning og gjenbruk av dei registrerte opplysningane. Elles blir dei viktigaste merknadene kommenterte nedanfor i tilknytning til dei aktuelle føresegnene.

2.3 Om utvalde register

Brønnøysundregistra har vore i verksemd frå 1981, og har i dag ansvaret for ei rekkje større og mindre register. Her følgjer ein kort omtale av dei registra som er sentrale for forslaga i denne proposisjonen.

I 1988 vart all registrering av næringsdrivande

samla i *Føretaksregisteret*. Dette erstatta dei tidlegare lokale handelsregistra. Registeret har ansvar for å registrere alle norske og utanlandske føretak som driv næringsverksemd i Noreg, med unntak av ein del enkeltpersonføretak. Registeret skal sikre rettsvern og økonomisk oversikt, og er ei viktig kjelde for alle som treng korrekte opplysningar om aktørane i norsk næringsliv.

Konkursregisteret (1993) inneheld opplysningar om konkursbu og tvangsavviklingsbu. Registeret inneheld sentrale opplysningar om kvart enkelt bu, mellom anna kven som har vore dagleg leiar, styreleiar og revisor i eit konkursramma føretak, og om styreleiaren eller dagleg leiar har roller i andre føretak på tidspunktet for konkursopninga. Konkursregisteret kan òg gi opplysningar om nokon er ilagt konkurskarantene og innført i *Konkurskarantenerregisteret* (1991). Konkursregisteret vart oppretta som eit middel for å avdekkje og nedkjempe økonomisk kriminalitet, og for å vere eit forenklande mellomledd i bubehandlinga.

Einingregisteret (1995) er eit register som inneheld grunndata om einingar som har registreringsplikt i dei tilknytte registra; arbeidsgivardelen av Arbeidstakar-/arbeidsgivarregisteret, Meirverdiavgiftsmanntalet, Føretaksregisteret, Skattemanntalet for etterskotspliktige skatteytarar, fylkesmannsregistra over stiftingar og Statistisk sentralbyrås bedrifts- og føretaksregister. Registeret samordnar opplysningar som finst om næringslivet og andre juridiske personar, tildeler organisasjonsnummer til einingane, og er gjennom dette eit viktig verktøy for vidare forenklingsarbeid for næringslivet.

Oppgåverregisteret (1997) har som hovudoppgåve å halde jamleg oversikt over dei oppgåvepliktene næringslivet har overfor det offentlege, og finne moglegheiter til samordning og forenkling. Målet er å lette næringslivet sine byrder knytte til innrapporteringsplikter.

3 Endringer i einingsregisterlova

3.1 Generelt om Einingsregisteret

3.1.1 Bakgrunn

Einingsregisteret vart etablert i 1995, og er regulert i lov 3. juni 1994 nr. 15 om Einingsregisteret. Bakgrunnen for opprettinga var eit arbeid som hadde vore i gang sidan byrjinga av 1980-åra, med den målsetjinga å samordne offentleg innsamling av informasjon om juridiske personar o.a. Eit av hovudmåla var å innføre eit felles identifikasjonssystem og å samle grunndata over alle juridiske personar. Forslaget tok sikte på å forenkle innsamling av data frå næringslivet, effektivisere ressursbruken i forvaltninga og gjere det lettare å avdekkje økonomisk kriminalitet.

Einingsregisteret fungerer i dag etter intensjonane. Omfanget av juridiske einingar og opplysningar om desse som er registrerte i Einingsregisteret er stadig aukande. Ved utgangen av 2003 inneheldt Einingsregisteret grunndata om ca. 715 000 einingar.

Bruken av eit felles organisasjonsnummer for alle juridiske personar må seiast å vere ein suksess. Det er i dag i praksis utenkjeleg – både for offentleg forvaltning og næringslivet – ikkje å ha dette systemet. Systemet med eit organisasjonsnummer som blir brukt på tvers både i offentleg og privat sektor er framleis relativt unikt i internasjonal samanheng. Organisasjonsnummeret som ein eintydig identifikator er ein avgjerande føresetnad for eit godt samspel (samordning og gjenbruk) om data mellom offentlege etatar, og for enkle og effektive metodar for elektronisk utveksling av informasjon mellom næringsliv og det offentlege.

Ved stortingsbehandlinga vart det understreka at det er behov for å leggje vekt på personvernomsyn ved denne etableringa. Dette vart rekna som særleg viktig i forhold til kven som skal registrerast, kva for opplysningar som skal takast med, kor tilgjengelege opplysningane skal vere, og kvaliteten på og kontrollen med opplysningane og rutinar for ajourhald, mellom anna sletting av opplysningar. Også i den føregåande høyringsrunden vart det lagt stor vekt på spørsmål om rettstryggleik og personvern. Omfanget av lova (særleg registreringsplikta) vart derfor endra noko ved stortingsbehandlinga.

3.1.2 Vurdering

I dag er Einingsregisteret i praksis langt på veg eit fullstendig register over alle juridiske personar, sjølv om det ikkje er generell registreringsplikt. I denne proposisjonen blir det *ikkje* foreslått utvidingar i den generelle registreringsplikta.

Med bakgrunn i regelverk m.a. innanfor skatt, banksektoren (knytt til kvitvasking o.a.) og lotterisektoren er for eksempel dei aller fleste små næringsdrivande (som ikkje har registreringsplikt i Føretaksregisteret), foreiningar o.l. i dag registrerte i Einingsregisteret og har såleis eit organisasjonsnummer. Det har i hovudsak vore tilsikta verknader av regelendringar på desse områda, og er rekna som nødvendig for å gjennomføre offentlege kontrolltiltak, førebyggje og avdekkje økonomisk kriminalitet o.a. Einingsregisteret har, i samsvar med føresetnadene ved opprettinga, vist seg å vere eit nyttig verktøy.

Det offentlege utarbeider statistikk på svært mange område. Både næringsliv og næringsorganisasjonar har kritisert sterkt dei byrdene som blir lagde på næringslivet i samband med innrapportering av informasjon til statistisk bruk. SSB får ein langt større del av kritikken for det såkalla «skjemaveldet» enn det belastninga skulle tilseie om ein berre vurderer omfanget av skjema frå SSB. Einingsregisteret har til formål å vere med og leggje til rette for gjenbruk av informasjon til statistisk bruk. Det er viktig å ordne Einingsregisteret slik at det blir eit best mogleg verktøy også for statistisk arbeid.

Frå brukarane (einingane) er det ikkje registrert klager eller innvendingar av noko omfang knytt til registrering i Einingsregisteret, bortsett frå klager på saksbehandlingstida i enkelte periodar. Dette blir det arbeidd med kontinuerleg, og m.a. etter ekstraløyvingar ved revidert budsjett 2003 vart kapasiteten utvida.

Frå den andre typen brukarar av Einingsregisteret, offentleg forvaltning, blir det påpeika at kvaliteten ved registeret er noko lågare enn det som er ønskeleg. Denne proposisjonen inneheld ein del forslag som tek sikte på å gjere det lettare for registeret å halde ein nødvendig høg kvalitet på den registrerte informasjonen, utan å leggje unødig store innrapporteringsbyrder på dei enkelte einingane.

Organisasjonsnummeret er ein viktig identifikator, og er mykje brukt. Det er etablert godt samarbeid om bruken av grunndata generelt i Einingsregisteret med dei større brukarane, særleg skatteetaten, Statistisk sentralbyrå, Rikstrygdeverket og dei andre delane av Brønnøysundregistra. Potensialet for gjenbruk er likevel *vesentleg større*, dette viser m.a. arbeidet til Oppgåverregisteret. Grunndataområdet er av dei områda der det er størst potensial for meir gjenbruk og dermed forenklingar knytte til innrapporteringar til det offentlege. Dette blir stadig påpeika også av næringsorganisasjonane. Det å stadig måtte gi opp grunninformasjon som adresse, kontaktperson, telefonnummer osv. er ei belastning som næringslivet opplever som svært unødvendig.

3.1.3 Generelle vurderingar frå høyringsinstansane

Høyringsinstansane frå så vel offentleg som privat sektor er opptekne av korleis ein kan få til auka bruk av Einingsregisteret og grunndatainformasjonen der, korleis kvaliteten kan betrast, og korleis ein kan få tilgang til informasjonen. Forslaga i høyringsnotatet får generelt stor støtte.

Særleg tiltak som kan bidra til auka registerkvalitet utan å auke byrdene for dei registrerte, blir framheva. Det vil seie at Einingsregisteret bør kunne hente inn opplysningar frå andre register o.a.

Næringslivets Hovedorganisasjon uttalar:

«NHO mener det er viktig at Foretaksregisteret og Enhetsregisteret innrettes slik at man oppnår å gi registrene stor troverdighet og kvalitet, samtidig som alle endringene innebærer forenkling for næringslivet. Det gjennomgående inntrykket av de mange endringer som foreslås i høringsnotatet, er at endringsforslagene nettopp imøtekommer disse behovene.»

Finansnæringens Hovedorganisasjon/Sparebankforeningen legg i ei felles høyringsfråsegn vekt på tiltak for auka registerkvalitet. Ut frå ønsket om å redusere registreringsbyrdene for dei private sluttar dei seg òg til forslaget om at alle offentlege etatar skal påleggjast å bruke grunndata frå Einingsregisteret. Dei kan ikkje sjå at dette kan ha særlege ulemper med tanke på personvern.

SSB uttalar dette om Einingsregisteret i si høyringsfråsegn:

«Kvaliteten i enheter, strukturer og sammenhengen mellom enhetene og de kjennemerker (grunndata) som er knyttet til disse, er avgjørende for kvaliteten i SSBs ulike statistikker.

God orden og oversikt over enhetene samt entydig identifisering av disse er også nødvendig for å kunne redusere oppgavebyrden for næringslivet gjennom gjenbruk av data og elektronisk datautveksling fra fagsystemene i næringslivet.

Generelt hilser derfor SSB velkommen alle forslag som bidrar til å opprettholde eller bedre kvaliteten i Foretaksregisteret og Enhetsregisteret.»

Forbrukarrådet er generelt positiv til dei foreslåtte endringane. Særleg er ein oppteken av at lovforslaget sikrar forbrukarane betre opplysningar om konkursar, noko som er med på å tryggje at ein tek omsyn til dei krava ein forbrukar kan ha mot ein konkursdebitor.

3.1.4 Departementet sine vurderingar

Utgangspunktet for tilrådingane frå departementet i denne proposisjonen er kva som skal til for å få til eit betre samspel om grunndata. Dette kan både gjere dei administrative byrdene for næringslivet (og andre juridiske personar) lettare og gje ein meir effektiv offentleg sektor.

Det er i dag stor semje i næringslivet og i offentlig forvaltning om at gjenbruk av og samspel om informasjon er nyttig og nødvendig. Næringslivet har klare forventningar til at offentleg sektor har ein effektiv flyt av informasjon seg imellom. Dette samsvarer godt med regjeringa sitt Moderniseringsprogram og målsetjingane om ein «saumlaus offentleg sektor» der private ikkje skal måtte ha kunnskapar om korleis offentleg sektor er organisert. Dette set krav til at det offentlege også tek eit felles ansvar for å ta imot/handtere endrings-/rettingsmeldingar og kanalisere dei til dei rette registra.

Utfordringa for register generelt, og særleg for Einingsregisteret som eit samordnande register, er å ha god nok kvalitet og då særleg oppdatert informasjon. Samtidig er det ei avveging mot å leggje for store byrder på avgivarane. Erfaring viser at dess meir informasjonen blir brukt, dess betre blir kvaliteten. Altinn er eit godt eksempel på dette. Altinn er ei felles løysing for innrapportering frå næringsliv og andre til det offentlege, og vart teken i bruk i full skala frå januar 2004. Altinn byggjer på at tilgangen for brukarar blir regulert ut frå registreringane av einingar og roller i Einingsregisteret. Som ein konsekvens av dette har Einingsregisteret fått stor pågang av endringsmeldingar i det siste.

Spørsmålet om manglande kvalitet/ajourhald i registeret kan elles òg ha ei side til personvernet. I proposisjonen blir det m.a. derfor lagt vekt på kvalitetsforbetrande tiltak. Både oppgåverregisterlova

(lov 6. juni 1997 nr. 35) § 7 og einingsregisterlova § 13 har reglar om plikt til å rette opp feil og om plikt til å varsle andre register om slike feil. På denne bakgrunn er det truleg rett å hevde at bekymringa for at informasjonen kan bli misbrukt innanfor det offentlege eller i privat sektor ved at informasjon kjem på avvegar eller liknande er blitt mindre. Her er det viktig å merke seg at når det gjeld opplysningane i Einingsregisteret, så er dei av ikkje-sensitiv karakter. Heller ikkje fødselsnummer er sensitive personopplysningar etter personopplysningslova, men det er likevel eit klart forbod i einingsregisterlova mot å gje ut slik informasjon til andre enn offentlege register.

Gjennomgangen av teiepliktsreglane som vart gjort då oppgåveregisterlova vart vedteken avklarte ei rekkje spørsmål om utveksling av informasjon mellom offentlege etatar. Regelverket for behandling av personopplysningar finst i personopplysningslova (lov 14. april 2000 nr. 31), og denne lova saman med det aktive arbeidet til Datatilsynet har gjort at også dette området er godt avklart.

Erfaringane med Einingsregisteret og tilhøyrande regelverk så langt viser at det i praksis ikkje har vore problem som gjeld personvern. Dette betyr likevel ikkje at ein kan ta lett på spørsmåla om personvern. Det vil framleis bli lagt stor vekt på dette omsynet i tett samarbeid med Datatilsynet.

3.2 Formålsparagrafen i einingsregisterlova

3.2.1 Innleiing

Einingsregisteret skal «fremme effektiv utnyttelse og samordning av offentlige opplysninger om juridiske personer, enkeltpersonsforetak og andre registreringsenheter», jf. einingsregisterlova § 1. For å redusere oppgåveplikta for næringslivet skal alle tilknytte register «benytte organisasjonsnummer og opplysninger fra Enhetsregisteret», jf. § 1 andre ledd.

I følge einingsregisterlova er det berre dei tilknytte registra som har plikt til å nytte opplysningane (grunndata) som er registrerte i Einingsregisteret. Med omgrepet «grunndata» meiner ein opplysningar som, med heimel i einingsregisterlova §§ 5 og 6, blir registrerte i Einingsregisteret.

Offentlege organ bruker i stor grad data som er registrerte i Einingsregisteret. Dei største gjenbrukarane av grunndata er naturleg nok dei tilknytte registra (arbeidsgivardelen av Arbeidsgivar-/arbeidstakarregisteret, Føretaksregisteret, Fylkesmennenes register over stiftingar, Meirverdiav-

giftsmanntalet, Statistisk sentralbyrås bedrifts- og føretaksregister og Skattemanntalet for etterskotspliktige skatteytarar). Statlege og kommunale organ som ikkje forvaltar tilknytte register, har òg i stadig aukande grad teke Einingsregisteret i bruk som grunndatakjelde. Eksempel på slike organ/register er: Toll- og avgiftsdirektoratet, Oslo kemnerkontor, Statens innkrevjingssentral, Lotteritilsynet og Kredittilsynet. Mengda av data som blir overført, og bruken av data, varierer i stor grad.

I 1997 starta Oppgåveregisteret arbeidet sitt med å redusere oppgåvebelastninga for næringslivet. I følge Oppgåveregisteret var det i 2003 52 departement, etatar og institusjonar som henta inn opplysningar om næringsdrivande. Desse forvalta til saman ca. 150 register. Dei fleste av registra inneheld i større eller mindre grad grunndataopplysningar. Eit fleirtal av registra hentar grunndataopplysningane direkte frå dei næringsdrivande. Fordi nokre etatar hentar inn opplysningar frå Einingsregisteret gjennom distributør, gir ikkje Oppgåveregisteret ei nøyaktig oversikt over kor mange etatar som nyttar Einingsregisteret som datakjelde. Men det er liten tvil om at det her ligg eit stort samordningspotensial.

Generelt er det store fordelar med å kunne hente grunndataopplysningar i størst mogleg grad frå éi kjelde/eitt register. Ein viktig effekt er at større felles bruk av eitt register normalt fører til hyppigare oppdateringar og dermed betre kvalitet på data.

Skjemareduksjonsprosjektet som vart sett i gang av Nærings- og handelsdepartementet og Arbeids- og administrasjonsdepartementet leverte ved årsskiftet 2001–2002 ein rapport med tittelen *Skjemaveldet. Hva er det – hva kan gjøres med det?* I punkt 7.3 i rapporten blir det tilrådd at Einingsregisteret i større grad enn i dag skal nyttast som grunndatakjelde. Ein måte å oppnå dette på er i følge prosjektet å utvide formålsføresegna i einingsregisterlova, slik at alle offentlege organ blir pålagt å nytte seg av Einingsregisteret.

I brev frå næringsministeren datert 18. juni 2002 om reduksjon av byrder på næringslivet knytte til innrapporteringsplikter vart alle offentlege etatar pålagt å nytte grunndata frå Einingsregisteret. I brevet var pålegget grunngitt slik:

«Norge trenger et næringsliv som bidrar til størst mulig verdiskapning i samfunnet. I følge opplysninger fra Oppgaveregisteret anslås norsk næringsliv å bruke over 7 500 årsverk hvert år til utfylling av statlige skjemaplikter. Dette er et høyt tall, særlig når vi vet at oversikten kun omfatter en del av den samlede mengden rapporteringsplikter som pålegges næringslivet.

Forenklinger på et vidt spekter av områder er viktig for Regjeringen. Jeg har på vegne av Regjeringen påtatt meg hovedansvaret for å koordinere moderniserings- og forenklingsarbeidet ovenfor næringslivet. Hovedformålet er at den enkelte næringsdrivende skal bruke mindre ressurser på å forholde seg til offentlig forvaltning, for å få mer tid til verdiskapning. Reduksjon av næringslivets byrder knyttet til innrapporteringer til det offentlige er viktig i denne sammenheng. Regjeringsutvalget for modernisering og forenkling har sluttet seg til mine anbefalinger til tiltak for å redusere disse byrdene. Jeg vil i det følgende redegjøre for disse tiltakene.

...

Enhetsregisteret inneholder grunndata om alle næringsdrivende. Økt gjenbruk av grunndata vil gi besparelser for næringslivet, og også effektivisere den offentlige forvaltningen. Det er derfor også besluttet at alle offentlige etater skal bruke grunndata fra Enhetsregisteret.

De kravene som her stilles er viktige bidrag til forenklingsarbeidet. Svært viktig er også det arbeidet med skjemaforenkling og skjemareduksjon som allerede gjøres i den enkelte etat. Dette er et kontinuerlig arbeid som etatene oppfordres til å prioritere.»

Det vart samtidig gitt pålegg om å bruke meta-data fra Oppgaveregisteret i arbeidet med å tilrettelegge for elektronisk innrapportering fra næringslivet til staten.

3.2.2 Forslaget i høringsnotatet

I høringsnotatet vart det drøfta om tida no er moden for å påleggje også andre offentlege etatar og register enn dei tilknytte registra å nytte opplysningane som er registrerte i registeret.

Det vart foreslått ei utviding av formålsføreseigna formulert som ein generell pliktregel, med unntak for dei tilfella der gjenbruk av data i Einingsregisteret ikkje er praktisk mogleg. Tilsvarende formulering er nytta i oppgaveregisterlova § 5, som pålegg statlege etatar å samordne oppgaveplikter. I følgje forarbeida til oppgaveregisterlova vart formuleringa vald med omtanke (Ot.prp. nr. 37 (1996–97) s. 22). Grunngivinga var mellom anna denne:

«Før det foreligger noen oversikt over hvilke situasjoner som egner seg for samordning og samordning synes praktisk mulig, bør det ikke i lovens ordlyd inntas formuleringer som kan begrense fremtidige samordningsmuligheter – i prinsippet skal det samordnes i alle situasjoner der det synes praktisk mulig å samordne opplysninger. Eksempelvis vil det med en slik formulering være anledning til å ta hensyn til både

tekniske, økonomiske og andre hindre for gjennomføringen av samordning mellom offentlige organer.»

Sjølv om Einingsregisteret i dag gir frå seg mange typar produkt gjennom ulike formidlingskanalar (sjå nærmare om dette under punkt 3.9), kan dei nemnde omsyna gjere seg gjeldande òg ved gjenbruk av grunndataopplysningar frå Einingsregisteret.

Ved praktiseringa av ei slik føresegn vart det understreka i høringsnotatet at det bør stillast strenge krav til etatane når det gjeld å finne løysingar som kan fungere, slik at ein oppnår størst mogleg gjenbruk av grunndata i Einingsregisteret. I den samanhengen kan det nemnast at det i forskrift 10. oktober 1997 nr. 1090 til lov om Oppgaveregisteret §§ 9 og 10 er gitt reglar om utarbeiding av handlingsplanar, i tilfelle der samordning på grunn av praktiske omsyn ikkje kan gjennomførast.

Det vart presisert i høringsnotatet at forslaget om utviding av formålsføresegna ikkje skal medføre meir omfattande registreringsplikt i Einingsregisteret.

3.2.3 Høringsinstansane sitt syn

Statistisk sentralbyrå uttalar at dei støttar forslaget. *Næringslivets Hovedorganisasjon* støttar òg forslaget, og uttalar at det bør stillast strenge krav til offentlege organ før dei får aksept for at det er praktisk umogleg å bruke grunndata i Einingsregisteret.

Ingen andre høringsinstansar har hatt særskilte merknader til dette forslaget.

3.2.4 Departementet si vurdering

Nærings- og handelsdepartementet går, på same måte som høringsinstansane, inn for å utvide formålsføresegna i einingsregisterlova slik at offentlege organ og register som ikkje er tilknytte register, skal nytte opplysningar frå Einingsregisteret så langt det er praktisk mogleg. Ei lovfesting av plikta vil markere kor viktig dette kravet er. Det vil gi større publisitet om kravet, noko som igjen vil kunne gi for eksempel næringslivet større tyngd når/der som dei tek opp brot på dette prinsippet.

Ei slik utviding av einingsregisterlova er viktig for å fremje betre samordning og gjenbruk av offentlege opplysningar. Bruken av organisasjonsnummer er òg viktig for arbeidet med auka bruk av elektronisk innrapportering til offentlege styresmakter. Einingsregisteret har ein sentral posisjon i det samordningsarbeidet som er i gang innanfor of-

fentleg sektor. Ei utviding av plikta til å nytte Einingsregisteret som grunndatakjelde er ei naturleg vidareutvikling så vel som ei styrking av dette registeret og av samordningsrolla. Dette er i samsvar med omsyna som låg bak opprettinga av registeret, og det er eit viktig steg i prosessen for å unngå dobbeltrapportering til offentlege etatar og register og få ein effektiv offentleg sektor.

Plikta gjeld når eit organ/register bruker grunndata av noko omfang, og i ei viss systematisk form. Bruk av grunndata i samband med behandlinga av ei enkeltsak utløysar ikkje slik plikt, dersom saksbehandlinga ikkje er knytt opp til faste meldelikter e.l. Bruker organet grunndata f.eks. i ei oversikt eller eit register over alle næringsdrivande i ein kommune, må dei bruke grunndata frå Einingsregisteret til oppretting og ajourhald. Men også når det er tale om eingongsbruk av ein del opplysningar vil det ofte vere enklare for organet sjølv å bruke data frå Einingsregisteret, då det ofte vil gje raskare og meir fullstendige opplysningar. For slik bruk vil oppslag via Internett ofte vere enklaste løysinga, medan større bruk vil kreve meir permanente løysingar. Med den nye web-teknologien blir dette teknisk stadig enklare og har slik mindre kostnader.

Det konkrete omfanget av plikta, dvs. av når eit organ skal bruke grunndata frå Einingsregisteret, må først og fremst vurderast ut frå føremålet om å redusere oppgåvepliktene for næringslivet.

For dei organa som på grunn av omfanget eller den systematiske bruken av grunndata kjem inn under plikt-regelen, er det foreslått eit unntak frå plikta til å bruke grunndata frå Einingsregisteret dersom det ikkje er «praktisk mulig». For at denne endringa skal få den tilsikta praktiske effekten, er det likevel viktig å understreke at hovudregelen må praktisast strengt. Unntaket skal berre brukast i svært avgrensa omfang. Departementet meiner at det er vanskeleg å sjå tilfelle der det ikkje, på noko sikt, skulle vere praktisk mogleg å nytte opplysningar frå Einingsregisteret. Unntaksregelen er dermed meint som ein snever «sikringsventil» som sjeldan (eller helst aldri) skal brukast. Det kan likevel tenkjast tilfelle der dei praktiske/tekniske tilpassingane må ta noko tid. Då er det viktig raskt å få utarbeida forplikande handlingsplanar.

Formuleringa «offentlige organer og registre» omfattar også kommunesektoren. Dette er nytt. I høve til føremålet med regelen; mindre oppgåvelikter for næringslivet, er det viktig at også kommunal sektor er omfatta. Likevel vil omfanget vere avgrensa. Vi viser her til det som er sagt ovanfor om omfanget av plikta. Den praktiske tilpassinga i kommunal sektor vil kunne ta noko lenger tid.

Einingsregisteret utviklar for tida ei web-teneste som i første omgang kan gi opplysningar frå Einingsregisteret til offentleg forvaltning. Dette vil gjere det enklare og rimelegare å bruke opplysningar frå Einingsregisteret. Opplysningane har organisasjonsnummer som identifikator. Løysinga baserer seg på ein teknologi for utveksling av data mellom datasystem, såkalla opne standardar som skal kunne «kommunisere» med dei fleste datasystem. I mottakarsystema skal det vere mogleg å legge inn sperrer slik at ein berre får tilgang til dei opplysningane som det er behov for.

Oppkobling til dette systemet og uthenting av data er gratis for offentleg forvaltning. Alle kundane må inngå avtale med Einingsregisteret. Såleis blir kunden identifisert og gjer det mogleg for avgivar å sjå kor mange oppslag kunden gjer, kva opplysningar kunden spør etter, og eventuelt lage statistikk rundt enkeltbrukarar og totalbruk.

Den utvidinga av formålsparagrafen som er foreslått i denne proposisjonen, kan likevel saman med regjeringsvedtaket om det same, føre til at nokre fleire offentlege register vil krevje organisasjonsnummer av dei som blir registrerte. Men det vil dreie seg om einingar som alt er registrerte i Einingsregisteret. Fordelen med bruk av organisasjonsnummer er at det sikrar sikker identifikasjon av den aktuelle eininga. Faren for feilinformasjon og dermed misbruk blir mindre.

Vi viser til forslaget til endring i einingsregisterlova § 1.

3.3 Samordning mellom Einingsregisteret og Konkursregisteret

3.3.1 Innleiing

Alt frå vedtakinga av einingsregisterlova har det vore ei generell målsetjing at eksisterande register skal brukast mest mogleg effektivt. Det er behov for å sjå på forholdet mellom Einingsregisteret og Konkursregisteret. Brønnøysundregistra si vurdering er at betre samspel mellom dei to registra kan gi høgare kvalitet på dei data som finst i Einingsregisteret, og dermed gi rasjonaliseringsgevinst i form av auka gjenbruk av grunndata. Betre samordning kan òg vere med på å forenkle og rasjonalisere rutinane til bustyraren og skifteretten ved bubehandlinga. Det er derfor vurdert nærmare korleis informasjonsflyten og samordninga mellom Einingsregisteret og Konkursregisteret kan bli betre. I dag er Konkursregisteret ikkje tilknytt register til Einingsregisteret.

I høyringsnotatet var det med forslag om å gjere Konkursregisteret til tilknytt register til Einingsregisteret, og i samband til det å gjere konkursbuet til registreringseining i Konkursregisteret. Høyringsinstansane var positive til endringane.

Desse forslaga høyrer nøye saman med eit høyringsnotat frå Justisdepartementet datert 13. november 2002. Høyringsnotatet inneheldt eit forslag frå Konkursrådet om endringar i konkurslova og i konkursforskrifta. Formålet med endringane er å ta i bruk meir elektronisk kommunikasjon ved kunningingar og meldingar frå bustyret, for slik å rasjonalisere og effektivisere bubehandlinga. Konkursregisteret som tilknytt register til Einingsregisteret, og dermed ein eintydig identifikasjon av alle konkursbu, er eit sentralt moment i dette arbeidet. Justisdepartementet er i gang med arbeidet med å fremje eit lovforslag på dette området. Arbeidet er omtala i Ot.prp. nr. 23 (2003–2004) om endringar i gjeldsforhandlingslova, konkurslova mv. som vart behandla i Stortinget i mars i år.

Til saman vil desse forslaga gi ei meir effektiv konkursbehandling for både konkursbustyret, kreditorar og alle involverte register. Departementet tek sikte på å leggje fram dei nemnde forslaga frå høyringsnotatet i samband med Justisdepartementet sin proposisjon.

3.3.2 Generelt om Konkursregisteret

Konkursregisteret er regulert i lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs (konkurslova) § 144, og i forskrift 23. august 1993 nr. 824 om Konkursregisteret.

Konkursregisteret inneheld opplysningar om konkursbu og tvangsavviklingsbu som er opna etter 1. september 1993. Registeret inneheld sentrale opplysningar om kvart bu, mellom anna kven som er eller har vore dagleg leiar, styreleiar, styremedlemmer og revisor i det konkursramma føretaket, og om styreleiar, innehavar eller dagleg leiar har roller i andre føretak på tidspunktet for konkursopninga.

Konkursregisteret inneheld òg opplysningar om ilagt konkurskarantene. Skifteretten kan illeggje konkurskarantene dersom ein person med god grunn kan mistenkjast for ei straffbar handling i samband med sjølve konkursen eller i samband med verksemda som har ført til konkursen. Også personar som ved uforsvarleg forretningsførsel er funne uskikke til å stifte, vere dagleg leiar, styremedlem eller varamedlem i eit nytt eller eksisterande selskap, kan illeggjast konkurskarantene.

3.3.3 Registrering i Einingsregisteret ved opning av konkurs

3.3.3.1 Innleiing

Konkursregisteret mottek avgjerd (orskurd) om opning av konkurs frå dei ulike skifterettane etter konkurslova § 79 første ledd. Konkursregisteret registrerer opning av konkurs på fødselsnummeret til fysiske personar, og på organisasjonsnummeret til juridiske personar.

Konkursregisteret skal òg sørge for at melding om at det er opna konkurs i buet til skyldnaren, blir tinglyst eller registrert i Lausøyreregisteret, Føretaksregisteret (dersom verksemda til skyldnaren er registrert der) og Rekneskapsregisteret (dersom verksemda til skyldnaren er innsendingspliktig), jf. konkurslova § 79 andre ledd. Det er i dag ingen reglar om at Konkursregisteret skal gje melding til Einingsregisteret.

3.3.3.2 Forslaget i høyringsnotatet

For konkursdebitorar som er registrerte i Føretaksregisteret, får Føretaksregisteret etter konkurslova § 79 andre ledd melding frå Konkursregisteret. Desse meldingane blir så vidare sendt til Einingsregisteret som tilknytt register. Dersom konkursdebitor derimot *berre* er registrert i Einingsregisteret, får ikkje Einingsregisteret slik informasjon. Dette svekkjer kvaliteten på grunndata i Einingsregisteret, noko som er uheldig.

Regelverket om avlevering av opplysningar frå Konkursregisteret er i utgangspunktet nokså restriktivt. Einingsregisteret er ikkje blant dei registra som skal ha melding om konkursopningar. Det er heller ikkje blant dei offentlege instansane som kan få tilgang til opplysningar frå Konkursregisteret etter konkursregisterforskrifta. Etter ei streng tolking av dagens regelverk kan Einingsregisteret derfor innhente opplysningar frå Konkursregisteret berre gjennom ein såkalla særskild førespurnad etter konkursregisterforskrifta § 6 første ledd.

Opplysning om opna konkurs må reknast for å vere ei opplysning om «enhetens status» etter einingsregisterlova § 6 andre ledd. Dette inneber at opplysninga som utgangspunkt skal og bør registrerast i Einingsregisteret på den eininga som er konkurs. Men den heimelen Konkursregisteret har til å *gi frå seg* opplysninga til Einingsregisteret er altså noko uklar. Vidare legg einingsregisterlova opp til at registrering av opplysningar i Einingsregisteret i utgangspunktet berre skal skje på grunnlag av meldingar frå einingane sjølv eller frå tilknytte register, jf. einingsregisterlova kapittel 4. Einingsregisteret sin heimel til å ta imot slike opplysningar er såleis også noko uklar.

For å rette opp denne uklare rettsstilstanden vart det i høyringsnotatet foreslått ei endring i konkurslova § 79 andre ledd, slik at Einingsregisteret blir eit av dei registra som skal få melding om opning av konkurs.

3.3.3.3 Høyringsinstansane sitt syn

Ingen av *høyringsinstansane* har hatt merknader til dette forslaget.

I *Konkursrådet* sitt høyringsnotat datert 12. november 2002 (sendt på høyring frå Justisdepartementet 13. november 2002), uttalar Konkursrådet følgjande:

«At konkursåpning i en virksomhet etter dagens regler ikke automatisk registreres i Enhetsregisteret, er etter Konkursrådets oppfatning uheldig og svekker registerets troverdighet og registerets nytteverdi for brukerne.»

3.3.3.4 Departementet si vurdering

Nærings- og handelsdepartementet går, i samsvar med forslaget, inn for å leggje Einingsregisteret til lista over dei registra som skal få melding om opning av konkurs i konkurslova § 79 andre ledd. Dagens situasjon med at Einingsregisteret har informasjon berre om konkurs i dei einingane som er registrert i Føretaksregisteret og ikkje for andre einingar, er uheldig. Endringa vil gjere at Einingsregisteret vil få melding om alle konkursopningar i registereiningane.

Vi viser til forslag til endring i konkurslova § 79.

3.3.4 Sletting av konkursdebitor i Einingsregisteret

3.3.4.1 Innleiing

For å sikre best mogleg kvalitet på opplysningane i Einingsregisteret, er det viktig å ha gode reglar for sletting av så vel konkursbu som konkursdebitor.

Konkursbu og konkursdebitor (for eksempel aksjeselskapet) er to ulike avgiftssubjekt og to ulike registreringseiningar. Eit konkursbu skal alltid registrerast på eige registreringsnummer (organisasjonsnummer) i avgiftsmanntalet, jf. meirverdiavgiftslova § 28, og blir slik også registrert i Einingsregisteret.

For Føretaksregisteret er situasjonen no slik, etter dei siste endringane som vart vedtekne av Stortinget i mars 2004 (lovendringane er ikkje sett i kraft enno): Saker med ein konkursdebitor med avgrensa ansvar blir regulert av konkurslova § 138. Saker med konkursdebitorar med uavgrensa an-

svar blir regulert av føretaksregisterlova § 7–3 samanhalde med konkurslova § 138 andre ledd. I begge tilfella får Føretaksregisteret melding frå Konkursregisteret om avslutta konkursbubehandling. Alle einingar som blir sletta i Føretaksregisteret blir automatisk sletta også frå Einingsregisteret. Føretaksregisteret registrerer ikkje konkursbua som eigne føretak.

Ved avslutta bubehandling er det i visse tilfelle behov for å slette konkursdebitor frå Einingsregisteret. Registeret har eit behov for ein sjølvstendig heimel til sletting i dei tilfella der tilknytte register i særlovgevinga *ikkje* har ansvar for sletting av opphøyrde einingar. I konkurssamanheng gjeld dette for eksempel enkeltpersonføretak som ikkje er registrerte i Føretaksregisteret.

Konkursbu vil ofte vere registrert i Einingsregisteret. Melding om avslutta konkurs må i dag sendast inn av bustyrar. Erfaringsmessig har det vist seg at plikta til å melde slik sletting sjeldan blir følgd. Effektive reglar for sletting av desse heng saman med spørsmålet om å gjere Konkursregisteret til eit tilknytt register til Einingsregisteret, og vil bli tatt opp seinare (sjå kap. 3.3.1)

3.3.4.2 Forslaget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet vart det foreslått at det skal takast inn eit nytt ledd i einingsregisterlova § 26, om *sletting av samanslutningar med uavgrensa ansvar*. Forslaget svarer stort sett til ordninga etter føretaksregisterlova og gir Einingsregisteret ein heimel til å følgje opp slike samanslutningar for å få avklart om dei framleis er i aktivitet.

Eit forslag til endring i konkurslova § 138 om melding frå Konkursregisteret til Einingsregisteret om avslutning av konkursbehandlinga i saker der konkursdebitor er einingar med avgrensa ansvar, vil gje Einingsregisteret heimel direkte i konkurslova til å slette desse einingane.

3.3.4.3 Høyringsinstansane sitt syn

Datatilsynet peikar på at det frå ein personvernrettsleg ståstad er positivt at rutinar for sletting frå dei ulike registra etter avslutning av konkurs blir tydeleg regulerte gjennom endringsforslaget.

Ingen av dei andre *høyringsinstansane* hadde merknader til forslaget.

3.3.4.4 Departementet si vurdering

Nærings- og handelsdepartementet vil foreslå at einingsregisterlova § 26 får eit nytt ledd som regulerer oppfølging av konkursar i einingar med uavgrensa ansvar.

Vidare går vi inn for det foreslåtte tillegget til konkurslova § 138. Denne endringa i konkurslova er avgjerande for at Einingsregisteret skal få den informasjonen frå Konkursregisteret som er nødvendig for å følgje opp desse sakene, og for å gje Einingsregisteret heimel til å følgje opp konkursar i einingar med avgrensa ansvar.

Forslaget må sjåast i samanheng med forslaget i kapittel 3.3.3 om endring i konkurslova § 79 for å leggje Einingsregisteret til lista over dei som skal ta imot melding om opning av konkurs. Den foreslåtte endringa i konkurslova § 138 byggjer på endringa i § 79.

Forslaget er noko endra i høve til høyringsnotatet for å få betre samsvar med vedtekne endringar i konkurslova og i føretaksregisterlova. Desse endringane vil sikre betre oppfølging av konkursdebitorar som er registrert i Einingsregisteret, og slik betre kvaliteten i både dette registeret og dei tilknytte registra.

Vi viser til forslag om endringar i einingsregisterlova § 26 og konkurslova § 138.

3.4 Registrering i Einingsregisteret etter krav i andre reglar

3.4.1 Innleiing

Plikta til å registrere seg i Einingsregisteret er regulert i einingsregisterlova § 4. For dei registreringseiningane som er lista opp i første ledd bokstav a-d i føresegna, blir plikta til å registrere seg utløyst i samband med registrering i tilknytt register. Dei registreringseiningane som ikkje har registreringsplikt i Einingsregisteret har ein registreringsrett, jf. forskrift 9. februar 1995 nr. 114 om registrering av juridiske personer m.m. i Enhetsregisteret § 8 første ledd.

Sidan Einingsregisteret vart oppretta i 1995, har bruken av organisasjonsnummer som identifikator auka kraftig, slik at det i stadig fleire samanhenger blir kravd at juridiske personar identifiserer seg ved bruk av organisasjonsnummer. Såleis krev både bankar, Verdipapirsentralen, Revisorregisteret (jf. lov 15. januar 1999 nr. 2 om revisjon og revisorer), Rekneskapsførarregisteret (jf. lov 18. juni 1993 nr. 109 om autorisasjon av regnskapsførere med forskrift) og Rekneskapsregisteret (jf. forskrift 16. desember 1998 nr. 1234 om innsending av årsregnskap m.v. til Regnskapsregisteret og rett til innsyn i årsregnskap m.v.) at det blir oppgitt organisasjonsnummer. Vidare blir det i forskrift 21. desember 2000 nr. 1336 om Lotteritilsynet og Lotteriregiste-

ret m.m. stilt krav om registrering i Einingsregisteret som vilkår for å oppnå godkjenningar og autorisasjonar. Av andre eksempel kan vi nemne friskolelova (lov 4. juli 2003 nr. 84) og regelverket for MVA-kompensasjon for m.a. frivillige organisasjonar (lov 12. desember 2003 nr. 108), som føreset at den som ber om kompensasjon er registrert i Einingsregisteret.

Utviklinga mot å krevje organisasjonsnummer i stadig fleire samanhengar synest berre å auke i styrke, i takt med eit stadig meir utbreidd behov for eintydig identifikasjon av juridiske einingar, og for samordning og gjenbruk av grunndata. Dette er ei ønskt utvikling, sjå drøftingane i kap. 3.1 og 3.2.

3.4.2 Forslaget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet vart det understreka at det ikkje er teke stilling til om den generelle registreringsplikta i Einingsregisteret bør utvidast. Men einingsregisterlovgivinga bør innehalde føresegner som opplyser om at enkelte lover og forskrifter har føresegner om plikt til å gi opp organisasjonsnummer, slik at det for enkelte ikkje-registreringspliktige einingar likevel finst eit faktisk *krav* om registrering.

3.4.3 Høyringsinstansane sitt syn

Finansdepartementet uttalte at:

«Forslaget til nytt tredje ledd i enhetsregisterloven § 4 representerer i seg selv ikke noe innblik i private forhold eller endring i annen formell lov. Forslaget fordrer således ikke bruk av lovs form. Finansdepartementet ser imidlertid at forslaget kan ha en informasjonsverdi.»

Ingen andre *høyringsinstansar* hadde merknader til forslaget.

3.4.4 Departementet si vurdering

Nærings- og handelsdepartementet går, i tråd med det framlagde forslaget, inn for å lovfeste at krav om registrering i Einingsregisteret også kan følgje av andre lover. Etter departementet sitt syn er det viktig for brukarane at denne informasjonen blir plassert direkte i lova, slik at informasjonen til brukarane blir best mogleg.

Vi viser til forslaget til endring i einingsregisterlova § 4.

3.5 Registrering av sameigarar i eigarseksjonssameige

3.5.1 Innleiing

Einingsregisteret skal innehalde grunndata om registreringseiningane. I forarbeida blir grunndata definerte som *identifikasjonsdata*, som er opplysningar som er nødvendige for å identifisere eininga (§ 5), og *tilleggsdata*, som omfattar opplysningar ut over det som er nødvendig for identifikasjon (§ 6). Alle einingar må gi opplysningar slik det er nemnt i § 5 for å kunne bli registrerte og få tildelt organisasjonsnummer i Einingsregisteret. Tilleggsdata skal registrerast viss dei finst for den aktuelle organisasjonsforma.

Etter einingsregisterlova § 6 første ledd bokstav b) skal alle sameigarar i eit sameige meldast inn til registeret. Einingsregisteret har fått ei rekkje førespurnader der det blir stilt spørsmål ved om det bør vere plikt til å registrere sameigarar i eigarseksjonssameige.

Einingsregisterlova § 6 første ledd bokstav b) har som utgangspunkt at sameigarar i tingrettslege sameige skal registrerast. Eit tingrettsleg sameige vil i ein del tilfelle ha behov for å opptre som ei samla eining utetter. Men eit tingrettsleg sameige er ikkje ein juridisk person. I eit tingrettsleg sameige er kvar enkelt sameigar eigar av ein ideell part av sameigeobjektet, jf. lov 18. juni 1965 nr. 6 om sameige (sameigelova) § 1. Eit tingrettsleg sameige kan velje eit styre, jf. sameigelova § 6 første ledd. Styret i eit tingrettsleg sameige kan som hovudregel ikkje opptre utetter på vegne av sameiget og forplikte det ved si underskrift, jf. likevel sameigelova § 6 andre ledd.

Eit eigarseksjonssameige etter eigarseksjonslova skil seg på fleire område frå det ordinære tingsrettslege sameiget. Eit eigarseksjonssameige blir etablert ved tinglysing av seksjoneringskrav, jf. lov 23. mai 1997 nr. 31 om eierseksjoner (eigarseksjonslova) § 5. I eit eigarseksjonssameige skal det veljast eit styre som skal opptre på vegne av sameiget og representere sameigarane utetter, jf. eigarseksjonslova § 38 jf. § 43. Behovet for å registrere sameigarar i eigarseksjonssameige er dermed ikkje det same som for andre tingrettslege sameige, og det bør derfor vurderast om ein skal endre denne regelen.

3.5.2 Forslaget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet vart det vist til at føreseigna om registrering av sameigarar i eigarseksjonar ikkje fungerer slik ho var meint. I store eigarseksjonssamei-

ge, med mange sameigarar og hyppige utskiftingar av sameigarane er det eit stort problem å halde registeret à jour. Problemet med å halde registeret à jour forringar kvaliteten på dei registrerte opplysningane i Einingsregisteret. Dette kan igjen føre til at tilliten og truverdet til dei registrerte opplysningane i Einingsregisteret blir redusert.

Eigarseksjonssameige med åtte eller færre seksjonar har registreringsrett i Føretaksregisteret, medan eigarseksjonssameige med ni eller fleire seksjonar har registreringsplikt i Føretaksregisteret, jf. eigarseksjonslova § 11 tredje ledd. Føretaksregisteret registrerer ikkje sameigarane. Ved registrering av eit eigarseksjonssameige i Føretaksregisteret må eigarseksjonssameiget likevel først registrerast i Einingsregisteret, der sameigarane altså skal registrerast.

I høyringsnotatet vart det vurdert fleire alternative løysingar på problema som er knytte til registrering av sameigarar i eigarseksjonssameige. Eit alternativ er å innføre ein praksis der opplysningane om sameigarane blir ajourførte ein gong i året. Dette vil redusere problema noko. Ei ulempe ved dette alternativet er at i dei store eigarseksjonssameiga med hyppige utskiftingar av sameigarane, vil opplysningane som er registrerte i Einingsregisteret aldri vere heilt à jour. Eit anna problem både for dei meldepliktige og for Einingsregisteret er at det representerer ein god del arbeid å skulle ajourføre opplysningane i eigarseksjonssameige med opptil fleire hundre sameigarar.

Eit anna alternativ er at det blir gitt rett til å registrere sameigarar, men at plikta fell bort. Ei klar ulempe ved dette alternativet er at informasjon om sameigarane då berre går fram for enkelte eigarseksjonssameige. Men informasjon om kven som er sameigarar i eit eigarseksjonssameige kan alltid hentast inn frå grunnboka. Opplysningane er såleis offettleg tilgjengelege.

I høyringsnotatet vart det foreslått at einingsregisterlova blir endra slik at eigarseksjonssameige blir unnatekne frå plikta til å melde sameigarar, men at dei framleis har rett til å melde sameigarar, jf. einingsregisterlova § 6 første ledd bokstav b).

3.5.3 Høyringsinstansane sitt syn

Kommunal- og regionaldepartementet støttar forslaget om at registreringsplikta for sameigarar skal falle bort, og uttalar at

«... samtlige hjemmelshavere i et eierseksjonssameie vil være registrert i grunnboken. Også av denne grunn synes det unødvendig å kreve registrering av de samme personene i Enhetsregisteret.»

Ingen av dei andre *høyringsinstansane* har merknader til dette punktet.

3.5.4 Departementet si vurdering

Nærings- og handelsdepartementet går, på same måte som høyringsinstansane, inn for at registreringsplikta for sameigarar skal falle bort. Opplysningane finst offentleg tilgjengelege og oppdaterte i grunnboka, og det er både unødvendig og uheldig å ha denne informasjonen i to register. Departementet vil derfor foreslå ei ordning der det ikkje lenger er rett til å registrere slike opplysningar i Einingsregisteret.

Vi viser til forslag til endring i einingsregisterlova § 6.

3.6 Dokumentasjonskrav ved førstegongsregistrering

3.6.1 Innleiing

For at Einingsregisteret skal kunne identifisere juridiske einingar, må det leggjast ved eit minimum av dokumentasjon som underbyggjer den valde organisasjonsforma.

Reglar om dokumentasjon av dei melde opplysningane vart tekne opp i forarbeida til einingsregisterlova, sjå Ot.prp. nr. 11 (1993–94) side 36. Det følgjer av forarbeida at det bør stillast krav til dokumentasjonen av omsyn til kvaliteten på registeret. Det vart vidare uttala at det ikkje burde leggjast opp til noka omfattande dokumentasjonsplikt. Dokumentasjonskravet etter einingsregisterlova har først og fremst sjølvstendig verdi for dei einingane som ikkje blir registrerte i tilknytte register.

Dei praktiske erfaringane frå drifta av Einingsregisteret viser at det for mange einingar kan synast noko uklart kva for dokumentasjonskrav som gjeld for dei ulike organisasjonsformene. Krava er i dag dels i lova og dels i eiga forskrift (forskrift 9. februar 1995 nr. 114 om registrering av juridiske personar m.m. i Enhetsregisteret). For betre å klargjere kva for krav som blir stilte til dokumentasjon ved førstegongsmeldingar, er det viktig å synleggjere desse krava direkte i lova.

3.6.2 Vedlegg til førstegongsmelding

3.6.2.1 Stiftingsdokument

For at Einingsregisteret skal kunne kontrollere om det ligg føre ei registreringseining, og kva for organisasjonsform denne eventuelt har, må eininga leggjast ved eit stiftingsdokument. Dersom det ikkje

finst noko stiftingsdokument, må annan eigna dokumentasjon leggjast fram. Kravet om stiftingsdokument gjeld ikkje for enkeltpersonforetak og enkeltpersonar. § 16 i forskrifta inneheld ikkje nokon krav til innhaldet i stiftingsdokumentet.

Ved førstegongsregistrering i Einingsregisteret er mange brukarar ikkje kjende med at stiftingsdokument må leggjast ved. Ofte er dei også usikre på kva for opplysningar som bør gå fram av stiftingsdokumentet. Manglande kjennskap til kravet om stiftingsdokument og kva det skal innehalde, fører til at mange blir nekta registrering første gongen dei sender inn melding. I nektingsvedtaket frå Einingsregisteret blir det informert om at det må leggjast ved eit stiftingsdokument (referat frå stiftingsmøtet).

Eit stiftingsdokument bør innehalde opplysningar om at eininga er stifta, og at eventuelt utkast til vedtekter er godkjent. I tillegg bør stiftingsdokumentet vere datert og underteikna av stiftarane. For einingar som har valt styre, kan opplysningar om val av styremedlemmer takast med i stiftingsdokumentet.

3.6.2.2 Vedtekter

For at Einingsregisteret skal kunne finne riktig organisasjonsform og tildele organisasjonsnummer, må eininga leggje ved vedtektene sine. Fleire av organisasjonsformene blir regulerte av ulovfesta reglar. Dette inneber at det ikkje finst lovreglar som gir opp kva for opplysningar vedtektene skal eller bør innehalde.

I føretaksregisterlova §§ 3–2 og 3–6 er det gitt reglar om minimumsinnhald i vedtektene for selskap med avgrensa ansvar (BA), og foreiningar og andre innretningar (FLI). Tilsvarende føresegn finst ikkje i einingsregisterlova. Einingsregisterforskrifta inneheld heller ikkje nokon føresegn om krav til innhaldet i vedtektene for eininga.

Erfaringa frå drifta av Einingsregisteret viser at einingane, også når det gjeld vedtekter, ofte har manglande kjennskap til vedleggskravet. Vidare er kunnskapane om kva for opplysningar vedtektene for dei enkelte organisasjonsformer bør innehalde tilsvarende mangelfulle. For juridiske personar som ikkje er lovregulerte (typisk foreining/innretning (FLI) og selskap med avgrensa ansvar (BA)) har det vist seg å vere eit særleg behov for å setje krav til minimumsinnhald i vedtektene.

Når Einingsregisteret prøver vedtektene til ei eining, blir både kvar enkelt vedtektsføresegn og vedtektene som heilskap vurderte. For at Einingsregisteret skal kunne identifisere den juridiske personen, bør vedtektene som eit minimum innehalde

føresegner om namnet til eininga, setet (kommunen) til eininga, kva formål eininga har, reglar for organa til eininga og deira kompetanse, og reglar for vedtektsendringar.

3.6.3 Forslaget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet vart det foreslått at kravet om stiftingsdokument som vedlegg ved førstegongsregistrering skal gå fram av einingsregisterlova. Dette gjer gjeldande krav meir føreseielege og tilgjengelege. Av same grunn vart det foreslått at eit krav om å leggje fram vedtekter, dersom slike finst, blir teke inn i lova. I høyringsnotatet vart det foreslått at desse krava til vedlegg blir samla i einingsregisterlova § 8.

Vidare vart det foreslått at lova óg skulle setje opp enkelte krav til innhaldet i stiftingsdokument og i vedtektene. Det vart peikt på at ei slik føresegn i lova både ville synleggjere krava og gjere dei lettare tilgjengelege for brukarane.

Vidare vart det forelått å ta inn krav til minimumsinnhaldet i stiftingsdokument og i vedtekter inn i lova, som ein bør-regel. Slik ville ein ta omsyn til behovet for informasjon, utan å kome i konflikt med endra krav over tid og til prinsippa om organisasjonsfridom. Desse krava vart foreslått tatt inn i ein ny paragraf i einingsregisterlova.

3.6.4 Høyringsinstansane sitt syn

Finansnæringens Hovedorganisasjon/Sparebankforeningen har ikkje innvendingar mot forslaget om at stiftingsdokument skal sendast inn ved førstegongsregistrering, men peikar på at det bør finnast fram til ei betre formulering. I forslaget til § 8 andre ledd er det foreslått at det «alltid» skal leggjast fram stiftingsdokument, mens det alt i neste setning i same ledd blir gjort unntak for denne regelen der stiftingsdokument ikkje finst. *Finansnæringens Hovedorganisasjon/Sparebankforeningen* meiner vidare at forslaget til fjerde ledd er noko uklart, men presiserer at det er riktig at sentrale reglar kjem inn i lovs form.

3.6.5 Departementet si vurdering

Nærings- og handelsdepartementet går inn for å endre reglane om dokumentasjon og vedlegg.

Departementet er einig med innvendinga frå *Finansnæringens Hovedorganisasjon/Sparebankforeningen*, og foreslår ein noko endra ordlyd i forhold til forslaget slik det låg i høyringsnotatet.

Ved at regelen om stiftingsdokument og vedtekter som vedlegg til registermeldinga blir tekne inn i

lovteksten, så blir registreringskrava meir synlege. Nødvendig informasjon for den som ønskjer å registrere seg blir dermed lettare tilgjengeleg.

Krava til dokumentasjon i forslaget til § 8 fjerde ledd kan synest strenge i ein del samanhengar. Men reglane har vore forskriftsfesta sidan 1995, utan særlege problem i praksis. Departementet legg til grunn at praktiseringa av krava skal vere som før.

Forslaget i høyringsnotatet om å lovfeste krava til minimumsinnhald i stiftingsdokument og vedtekter vil departementet ikkje gå inn for. Det er uheldig å lovfeste slike bør-reglar, og innhaldet kan formidlast til brukarane gjennom rettleiingsmaterieell av ulike slag.

Vi viser til forslag til endring i einingsregisterlova § 8.

3.7 Meldingar frå andre

3.7.1 Innleiing

Både for Føretaksregisteret og for Einingsregisteret er det svært viktig at dei opplysningane registra inneheld, i størst mogleg grad er fullstendige og korrekte. For å sikre god kvalitet er ein avhengig av at endringar blir melde til registra. Meldeplikta kviler først og fremst på representantar for registreringseininga, jf. einingsregisterlova §§ 14 og 15. Føretaksregisterlova § 4–6 opnar for at også andre i bestemte tilfelle kan melde endringar om forhold som er registrerte i registeret. Det er behov for å vurdere ei tilsvarende føresegn i einingsregisterlova.

3.7.2 Melding om eigenavgang

Føretaksregisterlova har ei eiga føresegn som gir enkeltpersonar rett til sjølv å gi melding om eigne forhold. Etter føretaksregisterlova § 4–6 første ledd kan ansvarleg deltakar, styremedlem, observatør, dagleg leiar, signaturrettshavar, prokurist eller revisor som har tredd ut av føretaket sjølv melde sin avgang til Føretaksregisteret. Dette er først og fremst aktuelt i dei tilfella der dei meldepliktige (som definert i føretaksregisterlova § 4–2) mislegheld meldeplikta si.

Denne ordninga forenkler oppdateringa av Føretaksregisteret, samtidig som ho sikrar viktige personvernomsyn. Dei same omsyna gjer seg gjeldande i forhold til Einingsregisteret. Det kan hevdast at omsynet til personvern veg så tungt at det ikkje kan reknast som nødvendig med særskild lovheimel for å kunne registrere melding om eigenav-

gang. Men det er lettare å rette seg etter ein klar heimel i einingsregisterlova, både for Einingsregisteret, for rolleinnhavarar (dei som er registrerte med ei rolle i tilknytning til ei registereining) og andre.

3.7.3 Melding frå tredjemann på grunnlag av dom

Det følgjer av føretaksregisterlova § 4–6 andre ledd at den som har fått dom om forhold som er eller skulle ha vore melde til Føretaksregisteret, kan forlange opplysningane i registeret endra i samsvar med domsresultatet. Ei tilsvarende føresegn finst ikkje i einingsregisterlova.

Eksempelvis blir ikkje det melde føretaksnamnet prøvd i forhold til kravet i føretaksnamnelova ved registrering i Einingsregisteret. Dersom tredjemann meiner at det registrerte føretaksnamnet er i strid med tredjemanns rettar, må spørsmålet bringast inn for det ordinære domstolsapparatet. Dersom tredjemann vinn fram, har vedkomande i dag ikkje rett til å melde endringar i dei registrerte opplysningane i samsvar med domsresultatet.

3.7.4 Melding frå domstolane

Etter føretaksregisterlova § 4–7 andre ledd kan domstolane på bakgrunn av dom, orskurd eller anna rettsleg avgjerd, krevje å få opplysningar om innførte foretak lagt inn i registeret. I praksis har det vist seg at det er behov for ei tilsvarende ordning også for Einingsregisteret, for dei einingane som ikkje er registrerte i Føretaksregisteret. Mellom anna har Brønnøysundregistra konsesjon til å opprette og drive eit register over personar som er frådømde retten til å drive næringsverksemd (retts- tap), jf. straffelova § 29. Konsesjonen gir rett til å kople registeret for rettstap med Einingsregisteret og Føretaksregisteret. Når Einingsregisteret ikkje har lov til å ta inn opplysningar på bakgrunn av dom eller orskurd, har registeret heller ikkje høve til å nekte å registrere, eller eventuelt slette personar som er idømde rettstap. I visse høve kan det vere behov for dette.

3.7.5 Forslaget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet vart det foreslått at einingsregisterlova skal få ein ny regel om rett til sjølv å kunne melde eigenfråtreden frå registrert rolle i Einingsregisteret. Det vart foreslått at føresegna skulle stå i ein ny § 15a, endringsmelding frå andre.

I Einingsregisteret blir det registrert ei rekkje rolletypar som ikkje finst i Føretaksregisteret, for

eksempel sameigarar, rekneskapsførarar og ulike typar kontaktpersonar. I staden for ei kasuistisk opprekning av dei ulike rolletypane blir det foreslått at det kan takast inn ein generell regel om at rolleinnhavarar som har tredd ut av registrerings- eininga, sjølv kan sende inn melding om dette.

I høyringsnotatet vart det peika på at det må gjerast unntak for innehavarar av enkeltpersonføretak og registrerte enkeltpersonar som ikkje er enkeltpersonføretak, fordi det her er full identitet mellom personen og sjølve eininga. Dersom desse personane ikkje lenger ønskjer å vere registrerte i Einingsregisteret, vil rett framgangsmåte vere å slette eininga frå registeret.

Det vart vidare presisert at Einingsregisteret berre kan behandle melding om eigenavgang når Einingsregisteret har kontrollansvaret for opplysningane. Viss kontrollansvaret ikkje ligg hos Einingsregisteret, skal meldinga formidlast til tilknytt register med kontrollansvar.

I høyringsnotatet vart det vidare foreslått ei ny føresegn som skal gi tredjemann rett til å melde frå om endringar i registeret som følgje av dom. Kva for endringar som eventuelt skal gjerast i dei registrerte opplysningane, er avhengig av domsresultatet. Dersom tredjemann får dom for at ei eining må endre føretaksnamnet sitt, inneber ikkje det at tredjemann kan endre det registrerte føretaksnamnet. I eit slikt tilfelle bør det gjerast ei påteikning om at det registrerte føretaksnamnet på eininga er ulovleg, og eininga må få ein frist til å melde nytt namn. (Sjå elles forslag om rett til påteikning, pkt. 3.11.2.)

Det vart òg foreslått i høyringsnotatet å gi domstolane høve til å krevje at opplysningar blir tekne inn i Einingsregisteret, på same måte som dette i dag er mogleg i Føretaksregisteret.

3.7.6 Høyringsinstansane sitt syn

Finansnæringens Hovedorganisasjon/Sparebankforeningen støttar forslaget om å gi enkelte grupper utvida høve til å melde frå om avgang til registeret. Dei uttalar at dette ikkje minst er viktig for «ikkje-profesjonelle» einingar som har avgrensa høve til å følgje opp dei opphavlege registermeldingane sine, og dermed bidra til å oppnå betre registerkvalitet. *Næringslivets Hovedorganisasjon* er positiv til at det blir utvida høve til å melde frå om eigenavgang, fordi det er med på å gjere registeret meir truverdig, og dermed også meir tillitsvekkjande.

Ingen andre *høyringsinstansar* hadde merknader til dette forslaget.

3.7.7 Departementet si vurdering

Nærings- og handelsdepartementet går, i tråd med forslaget og høringsinstansane, inn for å endre einingsregisterlova ved at det blir lagt til ei ny føresegn om utvida høve til endringsmeldingar frå andre. Departementet meiner at ei slik endring kan få positiv innverknad på kvaliteten av registeret.

Vi viser til forslaget til ny § 15a i einingsregisterlova.

3.8 Opplysningar frå register som ikkje er tilknytte register

3.8.1 Innleiing

Etter einingsregisterlova § 20 kan Einingsregisteret innhente opplysningar frå dei tilknytte registra, men ikkje frå andre. Etter føretaksregisterlova § 7–2 kan det gjevast forskrift om at opplysningar frå anna offentleg register skal overførast direkte til Føretaksregisteret. Det vart foreslått at ein tilsvarende forskriftsheimel skulle takast inn i einingsregisterlova § 20 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 11 (1993–94) side 62, men det vart ikkje vedteke. Endringa er ikkje kommentert særskilt, men kom truleg som ei følge av at ordninga med særregister m.m. vart fjerna.

Erfaringar Einingsregisteret har gjort tilseier at det bør vurderast om det skal takast inn ei slik føresegn i einingsregisterlova, slik at registeret kan oppdaterast med opplysningar frå andre register.

Einingsregisteret si rolle som leverandør av grunndata til andre offentlege register og etatar har i seinare tid vorte meir og meir viktig, og vil bli enda viktigare i framtida. For at dette skal fungere etter formålet, er det heilt avgjerande at kvaliteten på dei registrerte opplysningane er så god som mogleg. Det er derfor behov for å kunne kvalitetssikre dei registrerte opplysningane mot opplysningar som er registrerte i andre register, som ofte kan innehalde meir oppdaterte opplysningar.

Også i dag er det ei viss oppdatering av Einingsregisteret ved hjelp av andre register. Fysiske personar som blir registrerte som rolle innehavarar blir registrerte med fødselsnummer. Opplysningane om desse rolle innehavarane blir henta via direktekopla tilgang til det sentrale folkeregisteret. For einingar som er innsendingspliktige til Rekneskapsregisteret inneheld registerutskrifta opplysning om siste godkjende årsrekneskap. Einingsregisteret har også kontrollert registrerte postnummer opp mot opplysningar frå Posten. Det kan òg tenkjast at ein kan gjennomføre denne typen kontroll mot Te-

lenors telefon- og telefaksregister. Verken det sentrale folkeregisteret, Rekneskapsregisteret eller Posten er pr. i dag tilknytte register.

Det bør derfor vurderast om det er fordelar ved å lovfeste ein heimel til å innhente opplysningar frå andre register enn dei tilknytte.

3.8.2 Forslaget i høringsnotatet

I høringsnotatet vart det foreslått eit nytt andre ledd i einingsregisterlova § 20, slik at det uttrykkelig blir opna for oppdatering frå andre register enn dei tilknytte. Dette for å sikre ein klar heimel for at dei opplysningane som bør inn i Einingsregisteret kan leggjast inn. På den måten betrar ein grunnlaget for kvalitativt betre og meir oppdaterte opplysningar i registeret.

3.8.3 Høringsinstansane sitt syn

Statistisk sentralbyrå støttar forslaget, og peikar særleg på kor viktig det er med gode adresseopplysningar. *Næringslivets Hovedorganisasjon* går ut frå at personvernomsyn er vurdert, og at ein meiner det ikkje er til hinder for forslaget om at opplysningar som er registrerte i andre register enn tilknytte register, kan innhentast og registrerast i Einingsregisteret.

3.8.4 Departementet si vurdering

Nærings- og handelsdepartementet går i tråd med forslaget inn for at Einingsregisteret kan innhente og registrere opplysningar frå andre register.

Utan ein tydeleg heimel for slik innhenting er det ikkje mogleg for Einingsregisteret å drive kontroll og såkalla «vasking» av opplysningar opp mot andre register. Resultatet kan dermed bli dårlegare kvalitet på innhaldet i registeret. Denne typen innhenting er også ein fordel for registreringseiningane.

Denne heimelen vil, som også Statistisk sentralbyrå peikar på, vere viktigast for adresseinformasjon. Dette er informasjon som det i praksis er svært viktig at er rett. Samstundes er dette informasjon som næringsdrivande og andre i dag forventar blir oppdaterte automatisk mellom ulike register, uavhengig av kvar dei blir registrerte første gongen. Næringslivet opplever det som unødig arbeid å måtte melde endring fleire stader. Vi viser her også til den generelle omtalen av utveksling av opplysningar i kapittel 3.1.

Det vil ikkje vere høve til å ta inn informasjon som etter einingsregisterlova §§ 5 og 6 skal meldast inn av eininga sjølv, og som skal dokumente-

rast etter § 8. Dette set klare grenser for kva informasjon som kan leggjast inn frå andre register.

Vidare skal innhenting av slik informasjon berre kunne gjerast der det er tvillaust rett. Dersom Einingsregisteret gjer feil vil det kunne føra til at det blir erstatningsansvarleg etter § 27. Vidare kan slik innhenting berre skje i den grad det ikkje strir mot personvernomsyn.

Vi viser til forslag til endring i einingsregisterlova § 20.

3.9 Utlevering av opplysningar

3.9.1 Innleiing

3.9.1.1 Produkt, etterspørsel og brukarar

Einingsregisteret har som oppgåve å fremje effektiv utnytting og samordning av offentlege opplysningar om juridiske personar, enkeltpersonforetak og andre registreringseiningar. Overlevering av opplysningar er ei sentral oppgåve og funksjon i dette arbeidet.

Etter einingsregisterlova § 22 har tilknytte register og offentlege myndigheiter fullt innsyn i Einingsregisteret, det vil seie tilgang til alle opplysningar som er nemnde i einingsregisterlova §§ 5 og 6. Andre har tilgang til opplysningane som er nemnde i § 5 og § 6 andre ledd, og ikkje dei som er nemnde i § 6 første ledd. Fødselsnummer og D-nummer kan ikkje givast ut til andre enn tilknytte register eller offentlege myndigheiter. Desse avgrensingane er lagt inn av omsyn til personvernet. Vidare er det berre lov å gi ut samanstilt informasjon om ein person så langt opplysningane er registrerte i tilknytning til næringsverksemd.

For å dekkje etterspørselen etter opplysningar som er registrerte i Einingsregisteret, er det etablert ulike produkt og formidlingskanalar, både i form av levering på papir og i digitale medium.

Opplysningar frå Einingsregisteret er svært etterspurde. Etterspørselen er sterkt stigande. Som eksempel kan nemnast at det i 2003 var nesten 11 millionar oppslag på Brønnøysundregistra sine nettsider, der ein del opplysningar frå Einingsregisteret ligg gratis tilgjengeleg.

Brukarane av Einingsregisteret er stort sett dei same som brukarane av dei andre registra i Brønnøysundregistra: bankar, forsikringsselskap, kredittinstitusjonar, advokatar, revisorar, massemedia, kommunar og offentlege kontrollinstansar og dessutan næringslivet generelt. I seinare tid er det også registrert aukande interesse for tilgang til ajourført

informasjon frå Einingsregisteret frå andre offentlege etatar.

3.9.2 Forslaget i høyringsnotatet

Einingsregisteret får reaksjonar på at ikkje alle opplysningane i registeret er offentleg tilgjengelege. Dei opplysningane som blir etterspurde, men som ikkje kan leverast til andre enn tilknytte register og offentlege styresmakter er opplysningar etter einingsregisterlova § 6 første ledd: Opplysningar om kven som sit i styret, kven som har signatur og prokura, kapital, revisor, konsernforhold, opplysningar om undereiningar (bedrift) o.a. Dette er vitale opplysningar som ikkje blir vurderte å vere av sensitiv karakter. Slike opplysningar om offentleg sektor er heller ikkje offentleg tilgjengelege.

Avgrensinga i høvet til å gi ut opplysningar i einingsregisterlova § 22 gjeld berre når det er spørsmål om å utlevere/gi tilgang til opplysningar frå Einingsregisteret. Denne regelen legg ingen avgrensingar på dei tilknytte registra når det gjeld å levere ut opplysningar som er registrerte både i Einingsregisteret og i tilknytt register. Gjennom å kontakte Føretaksregisteret kan for eksempel kven som helst få vite kven som sit i styret, kven som har signatur og prokura o.a. Dette er informasjon som skal og må vere offentleg for næringsdrivande. Ein kan altså ikkje få svar på det same spørsmålet dersom ein tek kontakt med Einingsregisteret. Dette er uheldig og upraktisk for brukarane og også for registra.

Tilbakemeldingar frå dei som distribuerer opplysningar frå Einingsregisteret er av tilsvarende art. Som ein konsekvens av redusert innsynsrett i Einingsregisteret har enkelte distributørar etablert tilbod om direktekopla tilgang til/levering frå nokre av dei tilknytte registra, og dessutan andre kjelder, slik at dei i sum kan tilby ein god del av også dei opplysningane som er skjerma i Einingsregisteret. Dette er sjølvstendig ressurskrevjande og kompliserande både for distributør og andre brukarar. Samtidig forsvinn med dette ein del av intensjonen bak opprettinga av Einingsregisteret, nemleg samordning og lettare tilgang til offentleg informasjon.

Einingsregisteret bruker mykje tid til rettleiing på dette området, og det bør derfor vurderast om tilgangen til å overlevere opplysningar skal utvidast. Ved å gjere opplysningane også etter § 6 første ledd offentleg tilgjengelege kan også målsetjinga om døgnopen forvaltning lettare realiserast.

I høyringsnotatet vart det foreslått å endre desse reglane i einingsregisterlova, slik at opplysningane etter § 6 første ledd i Einingsregisteret blir offentleg tilgjengelege. Dette er viktig både med tan-

ke på den generelle tilgangen for brukarane og med tanke på forenkling. Forslaget samsvarer med det opphavlege lovforslaget frå departementet, jf. Ot.prp. nr. 11 (1993–94) side 20. Ved stortingsbehandlinga vart dette endra. Fleirtalet i komiteen meinte det var ønskjeleg av personvernomsyn å avgrense tilgangen til personopplysningar, sjølv om desse ikkje er sensitive. Ei opning for systematisk innsamling av opplysningar frå Einingsregisteret ville etter deira vurdering kunne føre til fare for misbruk av opplysningane.

3.9.3 Høyringsinstansane sitt syn

Næringslivets Hovedorganisasjon støttar forslaget til utvida innsyn i opplysningar i Einingsregisteret. Dei føreset at personvernomsyna er vurderte, og at dei ikkje er til hinder for forslaget.

Finansnærings Hovedorganisasjon/Sparebankforeningen påpeikar generelt kor viktig det er med god registerkvalitet. Vidare uttaler dei:

«Høy registerkvalitet har imidlertid mindre betydning dersom de som har behov for opplysningene ikke har tilgang til det registrerte. Vi slutter oss derfor fullt og helt til forslaget om å endre annet ledd i enhetsregisterloven, jfr notatet punkt 3.9.2. Vi oppfatter det kun som en lapsus i sluttbehandlingsprosessen i Stortinget da enhetsregisterloven ble vedtatt at det hittil har vært begrenset innsyn i registrerte opplysninger om hvem som har signatur, prokura, hvem som er ansvarlig deltaker, sameier, styremedlem og så videre. Dette er jo opplysninger om «alle» som har eller er i ferd med å inngå en relasjon med den registrerte enheten har behov for å gjøre seg kjent med.»

Datatilsynet peikar på at ein ikkje er prinsipielt imot å samordne data som er registrerte i Einingsregisteret og i Konkursregisteret, men understrekar at ein slik bruk av opplysningar frå Konkursregisteret ikkje er i samsvar med det opphavlege formålet med Konkursregisteret. Datatilsynet uttaler at registrering av informasjon om kva status eininga har i forhold til konkurs, likevel ikkje kan seiast å vere i strid med det opphavlege formålet, og såleis heller ikkje i strid med personopplysningslova § 11. Vidare uttaler Datatilsynet:

«Det er likevel av vesentlig betydning at tilgangen til opplysninger, som gjennom den foreslåtte endring vil finnes i begge registre, fremstår som likeartet.

Når opplysningene frå Konkursregisteret overføres til Enhetsregisteret, vil utleveringsbestemmelsen i enhetsregisterloven § 22 også gjelde for de opplysninger som opprinnelig

kommer fra Konkursregisteret. Datatilsynet vil i den sammenheng påpeke at en tilgangsbegrensning er like viktig her som når de samme opplysninger, finnes registrert i Konkursregisteret. En allmenn tilgang til denne typen informasjon uten krav om verken saklig behov eller sikker identifikasjon setter grunnleggende personvernprinsipper på prøve. Samspillet mellom de to registre må altså ikke bare være tilpasset forhold vedrørende konkursdebitor og konkursbo, slik det fremheves i høringsnotatet, også de grunnleggende personvernrelaterte aspekter knyttet til konkursdebitor som enkeltperson må ivaretas».

Rikstrygdeverket er positiv til den foreslåtte endringa. Vidare uttaler dei:

«Den foreslåtte endringen av § 22 andre ledd vil gjøre også opplysninger om antall ansatte offentlig tilgjengelig.

Rikstrygdeverket har lagt til grunn at antall ansatte er underlagt taushetsplikt, jf forvaltningsloven § 13, første ledd nr 2. Vedtaksendringene i § 22 som planlagt, vil dette, slik Rikstrygdeverket ser det, medføre [at] taushetsplikten ikke lenger omfatter antall ansatte i Aa-registeret. Rikstrygdeverket kan ikke se at Finansdepartementet har vurdert dette.»

Statistisk sentralbyrå støttar forslaget om at all informasjon i Einingsregisteret blir gjort tilgjengeleg, og legg til at SSB gjer denne typen informasjon tilgjengeleg overfor statlege og private registerførarar i dag. SSB understrekar at ein føresetnad for kvalitet i registerinformasjonen er at informasjonen blir brukt.

3.9.4 Departementet si vurdering

Den foreslåtte endringa vil gjere at opplysningane som blir registrerte etter einingsregisterlova § 6 første ledd, blir gjorde tilgjengelege for alle. I dag er det berre opplysningar etter § 5 og § 6 andre ledd som er omfatta av den generelle innsynsretten.

Dagens avgrensing til tilgangen til grunndata frå Einingsregisteret gjeld for Einingsregisteret aleine, og ikkje for dei tilknytte registra. Det inneber at dersom den same opplysninga er registrert i eit tilknytt register, kan den fritt gjevast ut av det registeret. Samtidig har utviklinga av nettbaserte tenester gjort at enkelte distributørar av denne typen informasjon har etablert tilbod om direktekopla levering frå nokre av dei tilknytte registra. Denne ordninga med ulike reglar for dei ulike registra er ressurskrevjande og kompliserande for både registra, distributørar og andre brukarar. Departementet meiner derfor tida no er moden for denne en-

dringa, og at det òg vil medverke til å oppretthalde og utvikle Einingsregisteret som verktøy for samordning og lettare tilgang til offentleg informasjon. Vi viser til generell omtale i kapittel 3.1.

Det er ikkje fullstendig overlapping mellom dei opplysningane som kan hentast frå andre register og dei som etter forslaget skal kunne hentast frå Einingsregisteret. Departementet vil særleg vurdere to område der forslaget til lovendring vil få verknad.

Det er for det første ein del einingar som er registrerte berre i Einingsregisteret, og «§ 6 første ledd»-opplysningar om desse er i dag ikkje offentleg tilgjengelege nokon annan stad. I praksis er det opplysninga om styremedlemmer som vil vera aktuelt. For dei som samhandlar med eininga kan det vere svært viktig å ha tilgang til denne informasjonen. Faren her er at informasjon kan misbrukast ved samanstilling. Føresegna i § 22 tredje ledd motverkar dette, ved at det er sett forbod om samanstilling av andre opplysningar om personar enn det som gjeld næringsverksemd.

Vidare er, som Rikstrykdeverket peikar på, talet på tilsette i ei eining i dag ein «§ 6 første ledd»-opplysning som ikkje er tilgjengeleg frå Einingsregisteret. Denne opplysninga er heller ikkje tilgjengeleg frå trygdeetaten. Men gjennomsnittleg tal tilsette er offentleg gjennom årsrekneskapane til alle rekneskapspliktige. Departementet kan ikkje sjå at det er grunnlag for å kalle denne opplysninga ein forretningssløyndom.

Det er vidare viktig å vere klar over at Einingsregisteret ikkje inneheld nokon form for sensitive personopplysningar. Forslaget endrar ikkje på unntaksføresegna i § 22 om at fødselsnummer ikkje kan givast ut.

Datatilsynet sin merknad tek utgangspunkt i forslaget om å gjere Konkursregisteret til tilknytt register til Einingsregisteret. Det forslaget blir ikkje følgt opp i denne proposisjonen. Tilhøvet til personvernet vil bli særskilt vektlagt når departementet kjem tilbake til den saka. Departementet ser det som vesentleg å sikre omsynet til personvern.

Nærings- og handelsdepartementet foreslår å endre reglane om overlevering av opplysningar frå Einingsregisteret. Opplysningane etter § 6 første ledd kan i dei fleste tilfelle hentast frå andre kanalar. Avgrensinga i andre punktum sørgjer samtidig for at det blir teke personvernomsyn. Etter departementet si vurdering synest det derfor som ein uheldig og unødvendig konsekvens av regelverket at det blir meir tungvint for brukarane å hente inn opplysningar. Også formålet med registeret; enkelt tilgjengeleg og samla informasjon, tilseier ei endring her.

Vi viser til forslag til endring i einingsregisterlova § 22.

3.10 Kontroll i Einingsregisteret

3.10.1 Innleiing

Einingsregisteret skal etter einingsregisterlova § 17 prøve om dei innsende opplysningane og dokumentasjonen som følgjer med, er i samsvar med einingsregisterlova og forskrifter gitt i medhald av lova. I forarbeida til einingsregisterlova er det ikkje lagt opp til nokon omfattande juridisk kontroll. I følge forarbeida (Ot.prp. nr. 11 (1993–94) side 62) skal registerføraren «kontrollere at de opplysninger som skal inngis for å få et organisasjonsnummer, er gitt, og at det foreligger slik dokumentasjon som er pålagt i henhold til denne loven. Når opplysningene er funnet i orden, skal de innføres i registeret».

Registrering i Einingsregisteret har legitimasjonsverknad, jf. einingsregisterlova § 24. Kontrollen i Einingsregisteret må derfor vere av ein viss kvalitet. Reint faktisk kan det vere behov for å kontrollere om meldinga er i samsvar med føresegner også i andre lover. Dette gjeld først og fremst i forhold til om eininga er ei registreringseining i samsvar med einingsregisterlova § 4, og om rolleinnhavarane oppfyller vilkåra som blir stilte for å ha den aktuelle rolla, i samsvar med § 5 andre ledd bokstav f) og § 6 første ledd.

Kva for einingar som kan/skal registrerast i Einingsregisteret, følgjer av einingsregisterlova § 4. Utan at meldinga (blankett med vedlegg) blir kontrollert i forhold til føresegner i andre lover enn einingsregisterlova, kan det ofte ikkje takast stilling til om ei eining faktisk er ei registreringseining. Eksempel på andre lover det må kontrollerast mot er aksjelova, selskapslova, stiftingslova, sameigelova, eigarseksjonslova, lov om interkommunale selskap og kommunelova. Kontrollen går i desse tilfella ut på å identifisere eininga slik at ein heilt sikkert kan slå fast at eininga som er meldt, er ei registrerings-eining i samsvar med einingsregisterlova § 4, eventuelt om det er meldt riktig organisasjonsform. Det kan òg vere aktuelt å kontrollere mot enkelte av føresegnene i føretaksnamelova. For eksempel kan det bli aktuelt i tilfelle der det melde føretaksnamnet er av ein slik karakter at det er uklart kva for ei organisasjonsform eininga har.

Alle registreringseiningar gir opplysning om dagleg leiar, forretningsfører, innehavar eller tilsvarende kontaktperson, jf. § 5 andre ledd. I tillegg skal opplysning om rolleinnhavarar slik det er

nemnt i § 6 første ledd, meldast dersom dei finst. Det må presiserast at Einingsregisteret registrerer rolleinnhavarar slik det er nemnt i § 6 første ledd berre viss eininga berre blir registrert i Einingsregisteret (bortsett frå rekneskapsførarar). Når ein registrerer slike rolleinnhavarar, blir det prøvd i forhold til andre lover enn einingsregisterlova om det som blir meldt er lovleg. Det følgjer av lov 22. april 1927 nr. 3 om vergemål (verjemålslova) at ein mindreårig i utgangspunktet ikkje kan vere innehavar av eit enkeltpersonforetak. Personar som er idømde rettstap etter lov 29. mai 1902 nr. 6 Almindelig borgerlig Straffelov (straffelova) § 29 bør ikkje kunne registrerast i Einingsregisteret i ei rolle som er omfatta av rettstapet. For fleire organisasjonsformer blir det stilt krav om at revisor må ha bestemte kvalifikasjonar (registrert eller statsautorisert). Personar som er ilagt konkurskarantene etter konkurslova § 142, har forbod mot å stifte, og mot å vere styremedlem, varamedlem eller dagleg leiar i visse selskap. Dette er krav som følgjer av andre lover, men som bør kunne kontrollerast også av Einingsregisteret.

Denne opprømsinga av andre lovføresegner som er sentrale når Einingsregisteret kontrollerer opplysningar, er ikkje uttømmende, men illustrerer at Einingsregisteret har eit behov for å kunne utøve kontroll også i forhold til andre lover enn einingsregisterlova. Kontroll av denne typen føregår i praksis til dels også i dag.

3.10.2 Forslaget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet vart det vurdert slik at retten til denne type kontroll må gå klarare fram enn tilfellet er i dag. Det vart derfor foreslått at det blir teke inn eit nytt andre punktum i § 17 første ledd, som klart seier at Einingsregisteret skal gjere ein slik utvida kontroll mot andre lover og forskrifter.

I høyringsnotatet vart det presisert at kontroll som Einingsregisteret utfører i samsvar med andre lover og forskrifter, på same måte som kontrollen i samsvar med einingsregisterlova og forskrift gitt i medhald av einingsregisterlova, berre er aktuelt for dei einingar som Einingsregisteret har kontrollansvaret for etter § 17 andre ledd, jf. § 13. Det vil seie einingar som ikkje er kontrollerte av tilknytte register.

3.10.3 Høyringsinstansane sitt syn

Næringslivets Hovedorganisasjon støttar forslaget om at registerføraren skal prøve opplysningane som det blir søkt om å få registrert, i forhold til generelle lover og forskrifter.

3.10.4 Departementet si vurdering

Nærings- og handelsdepartementet går, i tråd med forslaget, inn for å gi Einingsregisteret utvida høve til å kontrollere innsende opplysningar. Lovteksten i forslaget er endra frå ein «skal»-regel til ein «kan»-regel, då dette er best i samsvar med føremålet med regelen.

Vi viser til forslag til endring i einingsregisterlova § 17.

3.11 Enkelte mindre endringer

3.11.1 Dokumentopplysningar

3.11.1.1 Innleiing

Einingsregisterlova § 23 om dokumentopplysningar fastset at breva og forretningsdokumenta til ei registreringseining skal innehalde organisasjonsnummeret til eininga. Regelen er utforma slik at han omfattar alle typar registreringseiningar.

Det er likevel ikkje alle einingar som har behov for eller som får tildelt organisasjonsnummer. Organisasjonsnummer blir i dag nytta som identifikator av ikkje-næringsdrivande enkeltpersonar berre dersom tilknytte register har behov for å identifisere dei, jf. einingsregisterlova § 4. Utanlandske styremedlemmer blir såleis registrerte på organisasjonsnummer i Einingsregisteret. Men i dei fleste andre samanhengar er *fødselsnummer identifikator på enkeltpersonar*. Etter kvart som gjenbruken av data frå Einingsregisteret aukar, og fleire etatar ser nytten av å bruke organisasjonsnummeret som identifikator, aukar også gruppa av einingar som er registrerte på fødselsnummer. Etter forskrifta til einingsregisterlova § 8 tredje ledd er det registerførar som avgjer i kva for tilfelle enkeltpersonar skal ha registreringsrett der denne retten ikkje følgjer direkte av lova eller forskrifta.

3.11.1.2 Forslaget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet vart det foreslått at einingsregisterlova § 23, som pålegg alle registreringseiningar å føre organisasjonsnummeret på breva og forretningsdokumenta sine, blir endra, slik at ikkje-næringsdrivande enkeltpersonar blir unnatekne frå plikta. Grunngevinga var at ein ikkje kan sjå at nokon har behov for at organisasjonsnummer skal vere lett tilgjengeleg for denne typen einingar, verken for å identifisere, eller for å få tilgang til opplysningar om denne typen einingar.

Det vart vidare foreslått at det skal stillast krav om at namnet/føretaksnamnet til registreringsei-

ninga blir oppgitt i brev og forretningsdokument. Ei tilsvarende endring er foreslått i føretaksregisterlova, sjå kap. 4.4. Det er i dag uklart om det ligg føre ei slik plikt for næringsdrivande føretak. Føretaksnamelova § 7–1 seier noko om dette, men føreseigna gjeld direkte *korleis* ei eventuell partsoppløysing skal vere, ikkje *at* dokument skal innehalde føretaksnamn. Einingsregisteret har opplevd at det er noko usikkerheit om dette. Eit spørsmål som går igjen, er om einingane må gi opp føretaksnamnet eller om det er tilstrekkeleg at det sekundære forretningskjenneteiknet blir oppgitt. Det synest såleis å vere behov for klarare regelverk på området. Høyringsnotatet foreslo at einingsregisterlova § 23 blir endra i samsvar med dette, slik at det tydeleg går fram at namnet/føretaksnamnet skal førast på brev og forretningsdokument.

3.11.1.3 Høyringsinstansane sitt syn

Næringslivets Hovedorganisasjon støttar ei klargjering av regelverket på området, men synes omgrepet «forretningsdokument» er uklart og går for langt i høve til kva som er nødvendig. *Finansnæringens Hovedorganisasjon/Sparebankforeningen* er positive til at reglane om dokumentopplysningar i føretaksregisterlova og i einingsregisterlova blir harmoniserte. Det bør stillast krav til meir omfattande opplysningar i aksjeselskap sine brev o.a. Dei peikar vidare på at omgrepet «brev og forretningsdokumenter» er uklart. Dei uttalar vidare:

«Vi peker også på at det for mange som mer eller mindre frivillig er registrert i Enhetsregisteret – for eksempel etter påtrykk fra banken for å få opprettet en konto – erfaringsmessig ofte vil forsømme plikten til å ta med organisasjonsnummer i mange sammenhenger. For eksempel er det uklart om dokumenter/skriv som et registrert idrettslag sender ut til sine medlemmer eller andre omfattes av begrepet «forretningsdokumenter». «

3.11.1.4 Departementet si vurdering

Nærings- og handelsdepartementet går, i tråd med forslaget, inn for å endre einingsregisterlova § 23 slik at det blir gjort unntak frå kravet om å gje opp organisasjonsnummer for enkeltpersonar som ikkje er innehavar av enkeltpersonsføretak.

Vi støttar òg forslaget om å endre føreseigna slik at det kjem klart fram at brev og forretningsdokument skal innehalde føretaksnamn/namn på registreringseininga.

Til merknadene om at uttrykket «brev og forretningsdokumenter» er uklart, vil departementet vise til drøftinga av dette i kap. 4.4. Behovet for endring

i einingsregisterlova på dette området vil bli tatt i samband med gjennomføringa av endringar i første selskapsdirektiv og endringar i føretaksregisterlova § 10–2.

Vi viser til forslaget til endring i einingsregisterlova § 23.

3.11.2 Påteikning

3.11.2.1 Innleiing

Einingsregisterlova og føretaksregisterlova har reglar om kva for verkemiddel registerføraren kan ta i bruk dersom registeret ikkje blir halde à jour eller av andre grunnar inneheld uklare eller feilaktige opplysningar. Føretaksregisterlova § 7–1 gir heimel for å gjennomføre administrativ retting, og å ta inn påteikning om føretaket i registeret. Den føreseigna i einingsregisterlova som på mange måtar tilsvarende føretaksregisterlova § 7–1, nemleg einingsregisterlova § 25, gir ikkje høve til å ta inn påteikning om eininga i Einingsregisteret.

Føretaksregisteret bruker i dag i nokså utstrekt grad heimelen i § 7–1 til å ta inn påteikningar i registeret, for eksempel ved merknad om ulovleg føretaksnamn.

3.11.2.2 Forslaget i høyringsnotatet

Ut frå dei praktiske erfaringane som er gjorde ved drifta av både Einingsregisteret og Føretaksregisteret, vart det i høyringsnotatet sagt at det er meir nærliggjande å vurdere om det også i einingsregisterlova bør givast uttrykkeleg heimel til å ta inn påteikningar. Det vart understreka at det er naturleg å la den legislative grunngivinga for å ta inn påteikning vere utgangspunkt i vurderinga av spørsmålet. Formålet er å etablere eit effektivt verkemiddel i dei situasjonane der det anten blir oppdaga at registeret inneheld feilaktige eller misvisande opplysningar, eller det blir gjort eit omgjæringsvedtak eller liknande der det aktuelle forholdet ikkje kan rettast utan etter ny melding frå registreringseininga. Slike situasjonar oppstår frå tid til anna ved Einingsregisteret, og derfor vart det understreka i høyringsnotatet at det var behov for ei moglegheit til å ta inn påteikningar på lik linje med Føretaksregisteret.

Det er noko tvil om einingsregisterlova § 6 andre ledd kan reknast som tilstrekkeleg heimel til å registrere denne type opplysningar. For å fjerne all tvil vart det dermed foreslått eit tillegg til einingsregisterlova § 25.

3.11.2.3 Høyringsinstansane sitt syn

Ingen av *høyringsinstansane* hadde merknader til forslaget.

3.11.2.4 Departementet si vurdering

Nærings- og handelsdepartementet går, i tråd med forslaget, inn for å endre einingsregisterlova § 25 slik at ho inneheld ei føresegn som opnar for påteikning i registeret i dei tilfella der feilen ikkje kan rettast opp av registeret.

Vi viser til forslag til endring i einingsregisterlova § 25.

3.11.3 Opprydding i omgrep

3.11.3.1 Organisasjonsform

Omgrepet «organisasjonsform» blir i dag nytta som fellesomgrep i den felles registerutskrifta, blanketten og rettleinga frå Einingsregisteret og Føretaksregisteret. For å harmonisere omgrepsbruken også i einingsregisterlova vart det i høyringsnotatet foreslått at ordet «organisasjonsform» erstattar ordet «einingstype» i einingsregisterlova § 5 andre ledd bokstav c).

Nærings- og handelsdepartementet går, i tråd med forslaget, inn for å endre omgrepet einingstype til omgrepet organisasjonsform i einingsregisterlova § 5 andre ledd bokstav c). Tilsvarende endring vil bli gjort i forskrifta til einingsregisterlova.

3.11.3.2 Verdipapirfond

I samband med lov 20. desember 1993 nr. 140 om endringar i lov 12. juli 1981 nr. 52 om aksjefond m.v. og visse andre lover vart omgrepet «aksjefond» endra til «verdipapirfond». Ved ein inkurie vart ikkje einingsregisterlova endra samstundes.

Nærings- og handelsdepartementet går, i tråd med forslaget i høyringsnotatet, inn for å endre omgrepet aksjefond til omgrepet verdipapirfond i einingsregisterlova § 4 første ledd bokstav b). Innholdsmessig fører ikkje dette med seg nokon endring.

4 Endringer i føretaksregisterlova

4.1 Forretningskommune i vedtekter for andre selskap med avgrensa ansvar

4.1.1 Innleiing

Føretaksregisterlova § 3–2 andre ledd inneheld føresegn om minimumskrav til vedtektene for andre selskap med avgrensa ansvar (andre selskap enn aksjeselskap/allmennaksjeselskap). I desse minimumskrava er det ikkje noko føresegn om forretningskommune. Føretaksregisteret skal innehalde opplysningar om forretningskommunen, jf. henvisninga i føretaksregisterlova § 3–2 første ledd til § 3–1 første ledd nummer 1 til 6. Opplysningar om forretningskommunen har innverknad for fastsetjing av vernetilgang til selskapet. Ein konsekvens av at opplysningar om forretningskommune ikkje går fram av selskapsvedtektene, er at dei meldepliktige kan endre forretningskommune utan å ha lagt spørsmålet fram for det høgste organet i selskapet, for eksempel årsmøte, generalforsamling eller liknande. Dette er selskapstypar som til dels ikkje er regulert av særskilde lover, for eksempel samvirke- lag.

4.1.2 Forslaget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet vart det foreslått at føretaksregisterlova § 3–2 andre ledd får eit nytt nummer to, som inneber at opplysning om forretningskommune blir eit lovbestemt minimumskrav for vedtekter.

4.1.3 Høyringsinstansane sitt syn

Ingen av *høyringsinstansane* har kommentert dette forslaget.

4.1.4 Departementet si vurdering

Nærings- og handelsdepartementet går, i tråd med det framlagde forslaget, inn for at opplysning om forretningskommune blir eit lovbestemt minimumskrav for vedtekter for andre selskap med avgrensa ansvar, på linje med aksjeselskap/allmennaksjeselskap.

Vi viser til forslag til endring i føretaksregisterlova § 3–2.

4.2 Underskrift ved førstegongs- melding til Føretaksregisteret

4.2.1 Innleiing

Dei generelle underskriftsreglane i føretaksregisterlova § 4–3 første ledd vart endra då lov 22. desember 1995 nr. 85 om europeiske økonomiske foretaksgrupper ved gjennomføring av EØS-avtalens vedlegg XXII nr. 10 (rådsforordning (EØF) nr. 2137/85) (EØFG-lova), vart vedteken. Endringsmeldingar til Føretaksregisteret kan no underskrivast av den eller dei i føretaket som har signaturrett, mens dei tidlegare måtte underskrivast av alle dei meldepliktige. Bakgrunnen for endringa var at ein ønskte å få underskriftsreglane meir i samsvar med signaturreglane til selskapsretten. I forarbeida (Ot.prp. nr. 72 (1994–95) side 29) vart det framheva at føretaksregisterlova § 4–3 første ledd første punktum, slik ho då lydde, innebar eit inngrep i den retten føretaket har til å tildele/delegere signatur, og at noko av formålet med ein slik rett då fall bort.

Endringa i kravet til underskrift på endringsmeldingar har vore ressurs-sparande, fordi meldinga ikkje lenger må sendast til alle meldepliktige for underskrift før ho blir send til registerfører. Føretaksregisteret har ikkje merka nokon auke i talet på falske meldingar som følgje av denne endringa i underskriftskravet. Det er behov for å vurdere forenklingar også i signeringsreglane ved nyregistreringar.

4.2.2 Forslaget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet vart det framheva at dei forholda som var grunngeving for å forenkle krav til underskrift ved endringsmeldingar, også gjer seg gjeldande ved nyregistrering. I høyringsnotatet vart det derfor foreslått at føretaksregisterlova § 4–3 første punktum blir endra, slik at dei med signaturrett òg kan skrive under ved melding om nyregistrering.

Den praktiske verdien av at dei med signaturrett får høve til å skrive under på melding om nyregistrering, varierer noko frå organisasjonsform til organisasjonsform. For *enkeltpersonforetak* inneber endring av underskriftsregelen ikkje noka realitetsendring. For desse føretaka er det alltid innehava-

ren som skal skrive under på meldingar til Føretaksregisteret. For *føretak med styre* ligg det meldeplikt på kvar enkelt styremedlem, jf. føretaksregisterlova § 4–2 første ledd nr. 2 og 4. Samanhalde med føretaksregisterlova § 4–3 inneber dette at alle styremedlemmer må underteikne blanketten ved nyregistrering. For desse føretaka vil ei endring av underskriftskravet få praktisk verdi berre når føretaket samtidig melder særskild signaturføresegn som skil seg frå den allmenne representasjonsregelen som gjeld for den aktuelle organisasjonsforma. Dette har samanheng med at det er styret i fellesskap som har signaturretten, i samsvar med alle dei aktuelle lovene og ulovfesta prinsippa.

For dei føretaka der ei slik endring av underskriftskravet *får* verdi, må dei styremedlemmene som ikkje underteiknar blanketten i eigenskap av å ha signaturrett, likevel gi ei erklæring om at dei tek imot valet, jf. føretaksregisterlova § 4–4 bokstav d). Slik erklæring kan dei gi i form av underskrift på blanketten, eller som ei særskild erklæring. Stadig fleire selskap har ei styresamansetjing der styremedlemmene er busette meir spreidd enn tidlegare. Tendensen går òg i retning av at talet på styremedlemmer som er busette utanfor Noreg, aukar kraftig. I høyringsnotatet vart det såleis understreka at det er ei vesentleg forenkling dersom det blir tilstrekkeleg å hente inn særskild tiltredingserklæring frå dei styremedlemmene som ikkje skriv under på meldinga som signaturrettshavar.

I *ansvarlege selskap og kommandittselskap som ikkje er organiserte med styre* ligg meldeplikta på kvar enkelt ansvarleg deltakar, jf. føretaksregisterlova § 4–2. I samsvar med dagens regelverk må derfor alle deltakarar underteikne blanketten ved nyregistrering.

I *kommandittselskap* er det berre komplementaren som er ansvarleg deltakar. Her har ei endring av underskriftskravet dermed noko å seie berre dersom selskapet har to eller fleire komplementarar, jf. selskapslova § 3–13 første ledd første punktum, som seier at «den enkelte komplementar representerer selskapet utad og tegner dets firma».

For *ansvarlege selskap* følgjer det av selskapslova § 2–21 første ledd første punktum at kvar enkelt deltakar representerer selskapet utetter. Denne føresegna må etter analogi gjelde tilsvarende for partsreiarlag (lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfart kapittel 5). Endring av underskriftskravet har dermed i forhold til ansvarlege selskap og partsreiarlag innverknad i alle tilfelle, med unntak av dei tilfella der selskapet samtidig melder at deltakarane har selskapssignatur i fellesskap.

Etter føretaksregisterlova § 4–4 bokstav f) skal det leggjast ved «erklæring fra ansvarlig deltaker

som ikkje selv har meldeplikt om at meldingen skjer med deres samtykke». I dag har ein ansvarleg deltakar ikkje sjølv meldeplikt viss selskapet er organisert med styre, jf. føretaksregisterlova § 4–2 første ledd nr. 2. Kravet om slik erklæring er sett opp for at ein skal kunne vere sikker på at deltakarane tek på seg det ansvaret som meldinga gir uttrykk for, jf. Ot.prp. nr. 50 (1984–85) side 51. Ordlyden i lovføresegna kan tolkast dit at erklæring frå ikkje-meldepliktige deltakarar skal leggjast ved alle meldingar til registeret. I praksis blir det i dag kravd slik erklæring berre i dei tilfella der det blir meldt opplysningar om deltakarforholdet. Denne praksisen er i samsvar med formålet bak regelen. Det vart derfor foreslått at føretaksregisterlova § 4–4 bokstav f) blir endra i samsvar med dagens praksis.

Samtykke til registrering i Føretaksregisteret kan takast inn i selskapsavtalen, eventuelt givast i form av underskrift på blanketten eller som ei særskild erklæring. Den foreslåtte endringa av underskriftskravet inneber at føretaksregisterlova § 4–4 bokstav f) òg skal omfatte ansvarlege deltakarar i selskap som ikkje er organiserte med styre. I praksis får det noko å seie berre der det er/blir gitt signaturrett.

4.2.3 Høyringsinstansane sitt syn

Næringslivets Hovedorganisasjon uttalar at det i nokre tilfelle er ein tidkrevjande prosess å hente inn underskriftene frå styremedlemmene på sjølve blanketten, og dei støttar derfor forslaget om at førstegongsmelding kan underskrivast berre av signaturrettshavar.

4.2.4 Departementet si vurdering

Nærings- og handelsdepartementet går, i tråd med det framlagde forslaget og høyringsinstansane sitt syn, inn for å forenkle kravet til underskrift ved nyregistrering, slik at dette kan gjerast av signaturrettshavar åleine.

Tilsvarende sluttar departementet seg til den foreslåtte endringa i føretaksregisterlova slik at føresegna om vedlegg til førstegongsmelding og endringsmelding òg kan omfatte ansvarlege deltakarar i selskap som ikkje er organiserte med styre.

Vi viser til forslag til endring i føretaksregisterlova § 4–3 og § 4–4.

4.3 Administrativ sletting av foretak

4.3.1 Innleiing

Etter foretaksregisterlova § 7–3 kan registerfører i visse tilfelle administrativt slette foretak. Hovedkriteriet for sletting er at registerfører har grunn til å tru at foretaket ikkje lenger er til. Andre ledd i føresegna seier at sletteprosedyren skal setjast i verk om registerfører ikkje har motteke melding om foretaket dei siste 15 åra, og samstundes ikkje har grunn til å tru at foretaket eksisterer. Foretaksregisterlova trådde i kraft 1. januar 1988, og føresegna i andre ledd har såleis ikkje blitt aktuell før 1. januar 2004.

Det at det ikkje er kome inn melding på svært lang tid er eitt moment som kan gi registerfører grunn til å tru at foretaket er opphørt. Andre forhold kan vera at innehavar av eit enkeltpersonforetak har gått bort, at ansvarleg selskap eller partsreiarlag blir ståenda med ein eller ingen deltakarar, at kommandittselskap blir ståenda utan komplementarar eller at melding om avgjerd om oppløysing av ansvarleg selskap eller kommandittselskap ikkje følgjes av ein melding om endeleg avvikling.

4.3.2 Forslaget i høringsnotatet

I høringsnotatet vart det peika på at denne føresegna synest å vere overflødig. Det at det ikkje har kome inn noko melding om foretaket på 15 år, er berre *eitt* forhold som åleine eller saman med andre forhold, vil gi registerfører grunn til å setje i verk prosessen med administrativ sletting.

Foretaksregisterlova § 7–3 andre ledd vart foreslått oppheva.

4.3.3 Høringsinstansane sitt syn

Ingen av *høringsinstansane* har kommentert dette forslaget.

4.3.4 Departementet si vurdering

Nærings- og handelsdepartementet går, i tråd med det framlagde forslaget, inn for at foretaksregisterlova § 7–3 andre ledd blir oppheva.

4.4 Dokumentopplysningar

4.4.1 Innleiing

Foretaksregisterlova § 10–2 stiller krav til dokumentopplysningar for aksjeselskap, allmennaksje-

selskap og filial av utanlandsk foretak. I tillegg til organisasjonsnummer skal også ei rekkje andre opplysningar givast opp på ein del av dokumenta til foretaket. Føresegna kom inn då Noreg gjekk inn i EØS-avtalen, på bakgrunn av rådsdirektiv 68/151/EØF (1. selskapsrettsdirektiv) artikkel 4 og rådsdirektiv 89/666/EØF (11. selskapsrettsdirektiv) artikkel 6, jf. også Ot.prp. nr. 73 (1991–92) og Ot.prp. nr. 72 (1994–95). Føresegna regulerer spesifikt berre dei krava som blir stilte til aksjeselskap, allmennaksjeselskap og filialar av utanlandske foretak.

Både foretaksregisterlova og einingsregisterlova har reglar om krav til dokumentopplysningar. I einingsregisterlova § 23 blir alle registreringseiningar pålagde å føre organisasjonsnummeret sitt på brev og forretningsdokument. I kap. 3.11.1 er det fremja forslag til justeringar i føresegnene i einingsregisterlova på dette området.

4.4.2 Forslaget i høringsnotatet

I høringsnotatet vart det understreka at slik føresegna er utforma i foretaksregisterlova i dag, kan det synast som om det ikkje blir stilt krav til dokumentopplysningar for andre organisasjonsformer enn aksjeselskap, allmennaksjeselskap og filialar av utanlandske foretak. Ut frå omsynet til informasjon og klare reglar, vart det derfor foreslått at føresegnene i einingsregisterlova og foretaksregisterlova skal harmoniserast, ved at det blir presisert i foretaksregisterlova § 10–2 at andre foretak enn aksjeselskap, allmennaksjeselskap og filial av utanlandsk foretak skal gi opp organisasjonsnummeret sitt på brev og forretningsdokument. Det blir foreslått at plikta til å bruke bokstavane «MVA» på salsdokument blir teken inn også i foretaksregisterlova.

Dei to lovene har i dag ulike formuleringar av kva type dokument dokumentopplysningsplikta omfattar. Etter § 23 i einingsregisterlova gjeld plikta til å gi opp organisasjonsnummer på «brev og forretningsdokumenter». Dokumentopplysningsplikta etter foretaksregisterlova § 10–2 gjeld for «brev, kunngjeringar og andre dokumenter». Det er noko uklart om føresegnene dekkjer dei same dokumenta.

Ordlyden i 1. selskapsrettsdirektiv artikkel 4 og 11. selskapsrettsdirektiv artikkel 6 kan ikkje forklare kvifor foretaksregisterlova § 10–2 har brukt formuleringa «brev, kunngjeringar og andre dokumenter». Begge dei to direktiva bruker formuleringa «letters and order forms». Den danske omsetjinga bruker omgrepa «breve og bestillingssedler». Føresegna i foretaksregisterlova omfattar i tillegg til brev også kunngjeringar og det omfattande om-

grepet «andre dokumenter». Det går ikkje fram av forarbeida eller i selskapsrettsdirektiva kvifor denne løysinga er vald. I høyringsnotatet vart det lagt vekt på at formuleringa «brev og forretningsdokumenter» blir rekna for dekkjande i forhold til dei krava som blir stilte i direktiva. Det vart derfor foreslått ei språkleg samordning av einingsregisterlova § 23 og føretaksregisterlova § 10–2, slik at formuleringa «brev og forretningsdokumenter» blir brukt i begge dei to lovene.

I høyringsnotatet vart det vidare foreslått at det skal stillast krav om at også føretaksnamnet blir oppgitt i brev og forretningsdokument. I dag er det uklart om det ligg føre ei slik plikt for næringsdrivande føretak. Føretaksnamnelova § 7–1 kan kanskje seiast å heimle ei slik plikt, men føreseigna seier berre *korleis* ei eventuell partsoppgiving ved føretaksnamn i dokument skal skje, og ikkje *at* dokument skal innehalde føretaksnamn. Det er til dels stor usikkerheit blant brukarar av Føretaksregisteret på dette området. Eit spørsmål som går igjen, er om føretaka må gi opp føretaksnamnet, eller om det er tilstrekkeleg at sekundært forretningskjennteikn blir oppgitt. Desse forholda bør dermed klargjerast, og høyringsnotatet la fram forslag om at ei plikt til å gi opp føretaksnamn blir teken inn i føretaksregisterlova § 10–2.

4.4.3 Høyringsinstansane sitt syn

Finansnæringsens Hovedorganisasjon/Sparebankforeningen uttalar:

«Vi er positive til at reglene i de to lover harmoniseres noe, likevel slik at det stilles krav til mer omfattende opplysninger i aksjeselskapers brev og forretningsdokumenter. Vi er imidlertid fortsatt noe usikre på hvilke dokumenter som ligger i avgrensningen «brev og forretningsdokumenter», typisk om forskjellige typer reklamemateriell og kundepleieprodukter omfattes. Dette kan være alt fra informasjon/salgsargumenter som er utformet nærmest som et brev og til fargerike produktomtaler (brosjyrer).»

Næringslivets Hovedorganisasjon uttalar:

«Forslaget om hvilke opplysninger som skal angis, er ment å være en klargjøring av regelverket. NHO støtter at regelverket klargjøres, men stiller spørsmålstegn ved om kravet om at opplysningene skal fremkomme på alle «forretningsdokumenter» (i tillegg til brev) går for langt i forhold til formuleringene som finnes i direktivene dokumentopplysningskravene byg-

ger på. I selskapsrettsdirektivet heter det at opplysninger skal fremgå av «letters and order forms». «Order forms» fremstår som snevrere enn det noe uklare, altomfattende begrepet «forretningsdokumenter».»

Konkret foreslår *Næringslivets Hovedorganisasjon* uttrykket «brev og ordredokumenter» i staden. *Elles går organisasjonen ut frå at det blir ein overgangsperiode for einingar som har innretta seg annleis på grunn av dagens uklare krav.*

4.4.4 Departementet si vurdering

Nærings- og handelsdepartementet vil, på grunnlag av merknadene frå høyringsinstansane, ikkje gå inn for endringa i oppramsinga av kva type dokument dokumentopplysningsplikta skal omfatte. Departementet vil kome tilbake til dette spørsmålet i samband med oppfølginga av rådsdirektiv 2003/58/EF om endring av rådsdirektiv 68/151/EF (første selskapsrettsdirektiv). Direktivet vil gjere det nødvendig med endringar i § 10–2. Dette gjeld krav til opplysningar om føretak på heimesider.

Departementet går, i tråd med høyringsinstansane sitt syn, inn for dei andre endringsforslaga som vart lagde fram i høyringsnotatet. Det er rimeleg at næringsdrivande finn regelverket som gjeld for dei, mest mogleg samla i føretaksregisterlova.

Vi viser til forslaget til endring i føretaksregisterlova § 10–2.

4.5 Oppretting av inkuriar

I lov 11. april 2003 om endringar i rettsgebyrloven m.v. og i selskapslovgivinga (Ot.prp. nr. 61 (2002–2003)) vart det vedteken at ein skulle gå bort frå krav om kunngjering i Norsk Lysingsblad, og i staden kunngjere selskapsrelaterte saker elektronisk i Brønnøysundregistra si elektroniske kunngjeringspublikasjon på nett. I samband med denne omlegginga vart det vedteke ei rekkje endringar i lovverket.

Ved ein inkurie vart to føresegnar i føretaksregisterlova ikkje tekne med, det same gjeld ei føresegn i dekningslova § 1–3. Det er nødvendig å få retta opp dette.

Vi viser til forslaget til endring i føretaksregisterlova § 6–2 andre ledd siste punktum og § 7–3 første ledd andre punktum, og i dekningslova § 1–3.

5 Økonomiske og administrative konsekvensar

5.1 Offentleg forvaltning

Forslaga i denne proposisjonen vil totalt sett ikkje gi særleg auke i arbeidsmengda ved registra, og vil heller ikkje føre til auke i driftskostnadene.

Utvidinga av formålsparagrafen i einingsregisterlova fører til at andre offentlege organ kan få noko auka utgifter for tilpassingar i tekniske løysingar for å henta opplysningar frå Einingsregisteret. Med den pågåande utviklinga av web-tenester, vil kostnadene bli små. Større bruk av grunndata vil føre til noko hyppigare ajourføringar, men også til betre kvalitet på dei registrerte opplysningane.

For kommunal sektor er plikta ny, og ein må pårekna ei viss økonomisk belastning i ein overgangsperiode. Likevel vil omfanget vere avgrensa. Vi viser til det som er sagt om omfanget av plikta i kap. 3.2.4. Den praktiske tilpassinga i kommunal sektor vil kunne ta noko lenger tid.

Dei foreslåtte endringane i forholdet mellom Einingsregisteret og Konkursregisteret vil leggje grunnlaget for ryddigare tilhøve mellom registra og for arbeidet i dei enkelte register. Dei andre endringane i einingsregisterlova vil gi eit ryddigare og meir tilpassa regelverk for arbeidet i registeret, særleg når det gjeld oppdatering og sletting.

Forslaget til endringar i føretaksregisterlova vil, i tillegg til å gi registeret eit ryddigare regelverk å handheve, føre til færre registreringsnektingar ved Føretaksregisteret. Det vil i seg sjølv vere kostnadssparande. Det er vanskeleg å talfeste innsparringa.

5.2 Næringslivet

Fleire av dei foreslåtte endringane medfører enklare rutinar for dei næringsdrivande/brukarane som skal samhandle med Einingsregisteret og Føretaksregisteret. Mellom anna medfører ei endring i kravet til underskrift ved førstegongsmelding til Føretaksregisteret at meldinga ikkje må sendast til alle meldepliktige når eit foretak skal nyregistrerast, noko som inneber eit langt mindre ressurskrevjande forarbeid i samband med førstegongsregistrering.

Vidare vil endringa i formålsparagrafen til einingsregisterlova vere med på å redusere innrapporteringane frå næringslivet til det offentlege totalt sett. Auka bruk av grunndata frå Einingsregisteret vil vere med og redusere dei administrative byrdene for dei næringsdrivande.

For bustyrarane og konkursdebitor vil lovendingane i einingsregisterlova og endringane i konkurslova gjere at prosedyrane ved oppretting og sletting av konkurs- og tvangsavviklingsbu blir noko forenkla.

Den foreslåtte reguleringa av krav til innhald i stiftingsdokument og vedtekter inneber inga endring av dagens praksis. Lettare tilgang til krava til dokumentasjon ved registrering/ending er ein fordel for brukarane.

Ei utviding av retten til innsyn i Einingsregisteret vil gi næringsdrivande og andre brukarar noko lettare tilgang på grunndata.

Både auka bruk av Einingsregisteret, betre regulering av arbeidet med oppdatering osv. av registra og betre kvalitet på registerinformasjonen vil generelt sett vere til fordel for næringsliv og andre brukarar.

6 Merknader til dei enkelte føresegnene

6.1 Forslag til endringar i lov om Einingsregisteret

Til § 1

Gjennom eit nytt tredje punktum i § 1 andre ledd er det foreslått å utvide formålsparagrafen, slik at offentlege organ som ikkje er tilknytte register skal bruke opplysningar frå Einingsregisteret der det er praktisk mogleg. Ein tilsvarende regel finst i lov 6. juni 1997 om Oppgaverregisteret § 5, som pålegg offentlege organ å samordne oppgåveplikter der det er praktisk mogleg.

Plikta til å bruke opplysningar frå Einingsregisteret gjeld når eit organ /register bruker grunndata av noko omfang, og i ei viss systematisk form. Behandling av ei enkeltsak utløysar ikkje slik plikt, dersom saksbehandlinga ikkje er knytt opp til faste meldeplikter e.l. Bruker organet grunndata f.eks. i ei oversikt eller eit register over alle næringsdrivande i ein kommune, må dei bruke grunndata frå Einingsregisteret til oppretting og ajourhald. Men også når det er tale om eingongsbruk av ein del opplysningar vil det ofte vere enklare for organet sjølv å bruke data frå Einingsregisteret. Det vil ofte gi raskare og meir fullstendige opplysningar.

Det konkrete omfanget av plikta, dvs. av når eit organ skal bruke grunndata frå Einingsregisteret, må først og fremst vurderast ut frå føremålet om å redusere oppgåvepliktene for næringslivet.

For dei organa som på grunn av omfanget eller den systematiske bruken av grunndata kjem inn under plikt-regelen, er det foreslått eit unntak frå plikta til å bruke grunndata frå Einingsregisteret dersom det ikkje er «praktisk mulig». For at dette endringsforslaget skal få den tilsikta praktiske effekten, er det viktig at hovudregelen blir strengt praktisert, slik at unntaket berre blir brukt i svært forsiktig omfang. Departementet meiner at det i praksis er vanskeleg å sjå tilfelle der det, på noko sikt, ikkje skulle vere praktisk mogleg å bruke opplysningar frå Einingsregisteret. Dette er dermed meint som ein snever «sikringsventil» som svært sjeldan (eller helst aldri) treng brukast. Det kan likevel tenkjast tilfelle der dei praktiske/tekniske tilpassingane må ta noko tid. Då vil det vere viktig å få lagt forpliktande handlingsplanar raskt (jf. her også

ordninga etter forskrift til oppgåverregisterlova § 10).

Formuleringa «offentlige organer og registre» omfattar også kommunesektoren.

Endringsforslaget fører til at Einingsregisteret si rolle som samordningsregister blir styrkt, og medverkar til å fremje samordning og gjenbruk av offentlege opplysningar. Utvidinga av einingsregisterlova er nødvendig for å gjennomføre prinsippet om at ein næringsdrivande aldri skal måtte rapportere den same opplysninga meir enn ein gong.

Til § 4

I § 4 første ledd bokstav b) er det foreslått å endra ordet «aksjefond» til ordet «verdipapirfond». Ved ein inkurie vart ikkje denne endringa gjort i samband med ei lovendring i m.a. lov 12. juni 1981 nr. 52 om aksjefond m.v. Endringa er av teknisk karakter.

Den foreslåtte endringa i tredje ledd gir brukarane informasjon om at registreringsplikt i Einingsregisteret òg kan følgje av anna lov eller i medhald av anna lov.

Til § 5

Omgrepet «organisasjonsform» blir i dag nytta som fellesomgrep i den felles registerutskrifta, blanketten og rettleiinga frå Einingsregisteret og Føretaksregisteret. For å harmonisere omgrepsbruken, er ordet «enhetstype» i § 5 andre ledd bokstav c) foreslått endra til «organisasjonsform».

Til § 6

I første ledd bokstav b) i føresegna er det foreslått eit tillegg om at sameigarar som er seksjonerte etter sameigelova, ikkje lenger skal melde opplysningar om sameigarar til Einingsregisteret. Etter dette vil eigarseksjonssameige verken ha rett eller plikt til å melde sameigarar.

Informasjon om kven som er sameigarar i eit eigarseksjonssameige, kan hentast frå grunnboka, og opplysningane er dermed offentleg tilgjengelege og oppdaterte ein annan stad.

Til § 8

På same måten som etter gjeldande rett gir forslaget til § 8 ei oversikt over kva form for dokumentasjon av opplysningar som blir kravd. Men det er foreslått å endre føresegna på fleire punkt, m.a. ved at ein del av dei føresegnene som i dag ligg i forskrift til einingsregisterlova, blir tekne direkte inn i lovteksten.

Forslag til andre ledd er nytt, men fører vidare tidlegare første ledd første punktum i ei noko utvida føresegn. Etter forslaget kan registerfører krevje å få lagt fram den dokumentasjonen som er nødvendig for å vurdere om det som blir meldt, er riktig. Ved førstegongsregistreringar skal stiftingsdokument leggjast fram dersom noko slikt finst. Berre dersom slike ikkje finst, kan det leggjast fram annan dokumentasjon for at eininga eksisterer. For enkeltpersonar eller enkeltpersonføretak er det foreslått unntak for denne regelen om stiftingsdokument. I tillegg foreslår føresegna at vedtekter skal leggjast fram ved førstegongsregistrering av juridiske einingar, dersom slike finst.

Tredje ledd tilsvarar noverande andre ledd.

Forslaget til fjerde ledd er nytt i lova, men tilsvare i hovudsak forskrift 9. februar 1995 nr. 114 om registrering av juridiske personer m.m. i Enhetsregisteret § 16 tredje, fjerde og femte ledd. Forskriftsføresegna vil bli oppheva samtidig med at lovendinga trer i kraft.

Føresegna er forma slik at det ikkje skal vere noko som hindrar at dokumentasjonen kan sendast inn elektronisk. Sjølv om stiftingsdokument ikkje kan opprettast og arkiverast elektronisk per i dag, opnar formuleringa for at det kan leggjast frem for Einingsregisteret elektronisk når omsynet til sikker autentisering og dataintegritet kan ivaretakast ved f. eks. elektronisk signatur.

Når gjeldande krav blir synleggjorde i lova, blir dei meir føreseielege og lettare tilgjengelege for brukarane.

Til ny § 15a

Forslaget i ny § 15a inneber ein rett til å melde eigenavgang i Einingsregisteret. Føresegna foreslår at rolleinnhavarar som har gått ut av registreringseininga sjølv kan melde frå om dette.

Det er foreslått at regelen blir gjord generell i den forstand at han ikkje inneheld ei kasuistisk opprekning av dei ulike rolletypene som er registrerte i Einingsregisteret. Eksempel på registrerte rolletypar er sameigarar, rekneskapsførar og ulike typar kontaktpersonar.

I første ledd blir det foreslått at ein gjer unntak

for innehavarar av enkeltpersonføretak og registrerte enkeltpersonar som ikkje er enkeltpersonføretak, fordi det her er full identitet mellom personen og sjøve eininga. Dersom desse personane ikkje lenger ønskjer å vere registrerte i Einingsregisteret, vil det vere riktig framgangsmåte å slette eininga.

Einingsregisteret kan berre behandle melding om eigenavgang når Einingsregisteret har kontrollansvaret for opplysninga. Viss kontrollansvaret ikkje ligg hos Einingsregisteret skal meldinga formidlast til tilknytt register med kontrollansvar.

Andre ledd foreslår at tredjemann får rett til å melde frå om endringar i registeret som følgje av dom. Kva for endringar som eventuelt skal gjerast i dei registrerte opplysningane er avhengig av domsresultatet.

Tredje ledd i føresegna foreslår at domstolane og andre offentlege organ gir Einingsregisteret melding om forhold som gjeld registrerte einingar, når det er gitt føresegner om dette i særlovgivinga.

Forslaget i fjerde ledd gir domstolane høve til å krevje at opplysningar blir tekne inn i Einingsregisteret, på same måte som dette er mogleg i Føretaksregisteret. Slikt krav kan kome på bakgrunn av dom, orskurd eller anna rettsleg avgjerd.

Til § 17

Forslaget til § 17 første ledd nytt andre punktum opnar for utvida kontroll av innsende opplysningar ved at den lovfestar retten registerfører har til å prøve om opplysningane er i samsvar med andre lover og forskrifter.

Først og fremst er slik kontroll aktuell for å kontrollere om eininga er ei registreringseining i samsvar med einingsregisterlova § 4, eventuelt om det er meldt riktig organisasjonsform, og dessutan om rolleinnhavarane oppfyller vilkåra som blir stilte for å ha den aktuelle rolla i forhold til § 5 andre ledd bokstav f) og § 6 første ledd.

Når det gjeld spørsmålet om ei eining faktisk er ei registreringseining, må dette kontrollerast i forhold til føresegner i andre lover enn einingsregisterlova. Døme på andre lover det kan kontrollerast mot er aksjelova, selskapslova, stiftingslova, sameigelo, eigarseksjonslova, lov om interkommunale selskap og kommunelova. Det kan òg vere aktuelt å kontrollere mot enkelte av føresegnene i føretaksnamnelova. For eksempel kan det bli aktuelt i tilfelle der det melde føretaksnamnet er av ein slik karakter at det er uklart kva for ei organisasjonsform eininga har.

Når det gjeld vilkår for rolleinnhavarar blir det prøvd om det som blir meldt, er lovleg i forhold til

andre lover enn einingsregisterlova. Det følger av lov 22. april 1927 nr. 3 om verjemål (verjemålslova) at ein mindreårig som utgangspunkt ikkje kan vere innehavar av eit enkeltpersonforetak. Personar som er idømde rettstap etter lov 29. mai 1902 nr. 6 Almindelig borgerlig Straffelov (straffelova) § 29, bør ikkje kunne registrerast i Einingsregisteret i ei rolle som er omfatta av rettstapet. For fleire organisasjonsformer blir det vidare stilt krav om at revisor må ha bestemte kvalifikasjonar (registrert eller statsautorisert). Dette er krav som følgjer av andre lover, men som bør kontrollerast av Einingsregisteret. Det kan òg bli aktuelt å prøve meldingar i forhold til føreseigna i konkurslova § 142 som handlar om vilkår for å bli sett i konkursskarantene.

Denne opprømsinga av andre lovføresegner som er sentrale når Einingsregisteret kontrollerer opplysningar, er ikkje fullstendig.

Einingsregisteret fører kontroll i forhold til andre lover og forskrifter berre for einingar som Einingsregisteret har kontrollansvaret for etter § 17 andre ledd, jf. § 13. Det vil seie einingar som ikkje er kontrollerte av tilknytte register.

Forslaget pålegg ikkje Einingsregisteret noko plikt til å kontrollere alle opplysningar i innkomne meldingar mot alle lover, men klargjer at registeret har ein rett til slik kontroll. Kontrollen skal utførast så langt der er føremålstenleg og nødvendig i høve til føremålet med registeret.

Til § 20

Forslaget til nytt andre ledd i einingsregisterlova § 20 opnar for oppdatering av opplysningar i Einingsregisteret gjennom innhenting frå andre register enn dei tilknytte. Etter forslaget kan registerfører hente inn og registrere slike opplysningar når han finn at det er tvillust rett. Opplysningar som ein meiner kan betre grunnlaget for kvalitativt betre og meir oppdaterte opplysningar i Einingsregisteret, kan dermed leggjast inn.

Fordi Einingsregisteret har fått ei meir sentral rolle som avleverar av grunndata til andre offentlege register og etatar dei siste åra, er det behov for å kvalitetssikre dei registrerte opplysningane mot opplysningar som er registrerte i andre register. Andre register enn dei tilknytte kan ofte innehalde meir oppdaterte opplysningar, og registerfører får her ein heimel til å «vaske» opplysningane i Einingsregisteret mot andre register. Heimelen vil særleg bli brukt til å registrere oppdatert/rett adresse, ein informasjon som det i praksis er svært viktig at er rett. Samstundes er dette informasjon som næringsdrivande og andre i dag forventar blir oppdaterte automatisk mellom ulike register, uav-

hengig av kvar dei blir registrerte første gongen.

Det vil ikkje vere høve til å ta inn opplysningar som etter einingsregisterlova §§ 5 og 6 skal meldast inn av eininga sjølv, og som etter § 8 skal dokumenterast.

Retten til å hente inn opplysningar er ikkje avgrensa til offentlege register. Det vil vere opp til registerfører å vurdere om slik innhenting er forsvarleg etter ei vurdering først og fremst av kvalitet. Ein føresetnad for innhenting er vidare at det ikkje strir mot regelverk som er knytt til det aktuelle registeret. Personopplysningslova vil òg ofte kome inn her.

Til § 22

Føreseigna handlar som før om retten til innsyn i opplysningane i Einingsregisteret. Endringa i andre ledd, første punktum inneber at opplysningar som er registrert etter §§ 5 og 6 kan givast til alle. I dag gjeld denne tilgangen ikkje opplysningar registrert etter § 6 første ledd.

Andre ledd andre punktum er ikkje foreslått endra, og det vil framleis vere forbod mot å levere ut fødselsnummer/D-nummer, og mot visse samanstillingar av opplysningar. Personvernregisterlova dannar elles grunnlaget for innsyn også etter einingsregisterlova.

Til § 23

Regelen i § 23 omfattar alle typar registreringseiningar. Føreseigna er foreslått endra slik at det kjem klart fram at føretaksnamnet/namnet på eininga skal førast på brev og forretningsdokument.

Etter forslaget til nytt andre punktum blir enkeltpersonar som ikkje er innehavar av enkeltpersonforetak, dvs. ikkje-næringsdrivande enkeltpersonar, unnatekne frå denne plikta. Bakgrunnen for dette unntaket er at desse i dei fleste tilfelle er registrerte med fødselsnummer.

Til § 25

Det er foreslått eit nytt tredje ledd som opnar for påteikning i Einingsregisteret når ein oppdaga feil ikkje kan rettast etter føresegnene i første og andre ledd.

I situasjonar der det er uklart korleis feilen kan rettast, eller han ikkje kan rettast utan etter ny melding frå registreringseininga, kan registerføraren ta inn ei opplysning om feilen i registeret.

Forslaget tilsvarear føretaksregisterlova § 7–1 andre ledd, og er dermed ei harmonisering av desse regelsetta.

Til § 26

Føreseгна inneheld reglane for sletting av opphøyrde einingar, og det er forslag om å endre henne ved å leggje til ei ny føresegn som nytt andre ledd. Forslaget gir Einingsregisteret heimel til følgje opp etter avslutta konkursbehandling i einingar med uavgrensa ansvar.

6.2 Forslag til endringar i lov om registrering av foretak

Til § 3–2

Forslaget til nytt nummer 2 i § 3–2 andre ledd inneber at opplysning om forretningskommunen blir eit lovbestemt minimumskrav for vedtekter. Dette har som konsekvens at heller ikkje desse føretakstypane (som er nemnde i første ledd) kan endre forretningskommune utan å endre vedtektene.

Til § 4–3

Av forslaget til § 4–3 andre setning går det fram at også signaturrettshavar åleine kan skrive under på melding om nyregistrering.

Endringsforslaget har ingenting å seie for *enkelpersonforetak* sidan det alltid er innehavaren som skal skrive under på meldingar til Føretaksregisteret.

For *føretak med styre* får endringsforslaget berre praktiske følgjer i dei tilfella då føretaket samtidig melder særskild signaturføresegn som skil seg frå den allmenne representasjonsregelen for den aktuelle representasjonsforma. Viss særskild signaturføresegn ikkje er meld, inneber føretaksregisterlova § 4–3 jamført med føretaksregisterlova § 4–2 første ledd nr. 2 og 4 at alle styremedlemmer må skrive under på blanketten ved nyregistrering.

For føretak der endringsforslaget får innverknad, må dei styremedlemmene som ikkje skriv under på blanketten i eigenskap av å ha signaturrett, likevel gi erklæring om at dei tek imot valet, jf. føretaksregisterlova § 4–4 bokstav d). Erklæringa kan dei gi i form av underskrift på blanketten eller som særskild tiltredingserklæring. Etter den nye føreseгна er det såleis tilstrekkeleg å hente inn særskild tiltredingserklæring frå dei styremedlemmene som ikkje skriv under meldinga som signaturrettshavar.

I *ansvarlege selskap og kommandittselskap som ikkje er organiserte med styre* får forslaget ikkje noko å seie. Meldeplikta ligg dermed på kvar enkelt ansvarleg deltakar, jf. føretaksregisterlova § 4–2.

I *kommandittselskap* er det berre komplementaren som er ansvarleg deltakar, og den foreslåtte endringa får dermed innverknad berre dersom selskapet har to eller fleire komplementarar, jf. selskapslova § 3–13 første ledd første punktum, som seier at «den enkelte komplementar representerer selskapet utad og tegner dets firma».

For *ansvarlege selskap* har den foreslåtte endringa av underskriftskravet innverknad i dei fleste tilfelle, med unntak av tilfelle der selskapet melder at deltakarane i fellesskap har signaturrett. Etter analogi gjeld tilsvarende overfor *partsreiarlag* (lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten kapittel 5).

Til § 4–4 bokstav f

Den foreslåtte endringa i føreseгна er gjort som ei tilpassing til endringa i § 4–3. Forslaget inneber at føreseгна også skal gjelde for ansvarlege deltakarar i selskap som ikkje er organiserte med styre. I tråd med forslaget skal det ved nyregistreringar eller endringar som gjeld deltakarforhold, leggjast ved erklæring frå ansvarlege deltakarar som ikkje har skrive under på meldinga.

Til § 6–2 andre ledd i.f.

I lov 11. april 2003 om endringar i rettsgebyrloven m.v. og i selskapslovgivinga (Ot.prp. nr. 61 (2002–2003)) vart det vedteke at ein skulle gå bort frå krav om kunngjering i Norsk Lysingsblad, og i staden kunngjere selskapsrelaterte saker elektronisk. Ved ein inkurie vart føretaksregisterlova § 6–2 ikkje teken med.

Kravet om kunngjering i Norsk Lysingsblad er slik foreslått fjerna frå desse føresegnene, og det blir i staden vist til tidspunktet for kunngjering i Brønnøysundregisteret si elektroniske kunngjeringspublikasjon.

Til § 7–3 første ledd andre setning

Sjå kommentar til § 6–2 andre ledd i.f.

Til § 7–3

Andre ledd er foreslått oppheva.

Føreseгна i noverande tredje ledd omhandlar kva slettinga har å seie for deltakarane sitt ansvar. Sjølv om det ikkje er særskilt nemnt, er det klart at føreseгна også gjeld sletting etter det som i Stortinget sitt lovvedtak i mars 2004 (Ot.prp. nr. 23 (2003–2004)) vart vedteke som nytt tredje ledd, og som etter forslaget her om å oppheve noverande andre ledd, vert nytt andre ledd.

Til § 10–2

Forslaget til endringer i § 10–2 inneber m.a. at no vil føreseigna i føretaksregisterlova dekkje alle reglane som gjeld for næringsdrivande på dette området.

I føretaksregisterlova § 10–2 første ledd er det forslag om å ta inn ei presisering av at organisasjonsnummer og namn på føretak skal førast på brev og forretningsdokument.

Det er òg foreslått at denne føreseigna skal innehalde ei setning om at føretak som er registrerte i Meirverdiavgiftsmanntalet, har plikt til å bruke bokstavane «MVA» på salsdokument. Omgrepet salsdokument skal forståast på same måte som den tilsvarende føreseigna i einingsregisterlova § 23, og omfattar der faktura, nota, rekning utskriven av den som omset varer eller tenester, sluttsetel, avrekningssetel, vedlegg o.a. som mottakar av vara skriv ut.

Etter fjerde ledd første setning kan registerfører leggje føretaket og dei meldepliktige tvangsmulkt om ikkje føretakets brev og forretningsdokument inneheld opplysningar som pålagd i første, andre og tredje ledd. Henvisinga her må endrast som følgje av forslaget om nytt første ledd.

Føreseigna gjeld både for papirdokument og for elektroniske dokument.

Til ny § 10–6

Føretaksregisterlova har til no ikkje hatt eigne reglar om lova skal gjelde også på Svalbard. Det er derfor behov for å avklare dette. Denne lovendringa gjer ikkje at føretaksregisterlova tek til å gjelde for Svalbard, men gjer Kongen rett til å bestemme dette i forskrift. Ein tilsvarende regel finst i einingsregisterlova § 29.

6.3 Forslag til endringer i konkurslova

Til § 79

Endringa skal sikre at Konkursregisteret òg gir melding til Einingsregisteret om at det er opna konkurs i buet til skyldnaren, på linje med dagens ordning med melding til Føretaksregisteret.

Til § 138

Endringa som er foreslått i andre ledd første setning i henvisinga til § 79 sikrar at Einingsregisteret ikkje berre får meldingar om opning av konkurs, men også om avslutninga av konkursbehandlinga.

I andre ledd tredje setning er det foreslått eit tillegg «og Einingsregisteret». Dette sikrar at Einingsregisteret på linje med Føretaksregisteret, får meldingar om og har heimel til å slette einingar med avgrensa ansvar etter avslutta bubehandling.

6.4 Forslag til endring i dekningslova

Til § 1–3

I lov 11. april 2003 om endringer i rettsgebyrloven m.v. og i selskapslovgivinga (Ot.prp. nr. 61 (2002–2003)) vart det vedteke at ein skulle gå bort frå krav om kunngjering i Norsk Lysingsblad, og i staden kunngjere selskapsrelaterte saker elektronisk. I samband med denne omlegginga av kunngjeringar frå Føretaksregisteret vart det vedteke ei rekkje endringer i ulike lover.

Ved ein inkurie vart lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavernes dekningsrett (dekningslova) gløymt, og det er såleis nødvendig å få retta opp dette snarast.

6.5 Ikraftsetjings- og overgangsreglar

Punkt 1 slår fast at lova skal ta til å gjelde frå den tid Kongen fastset, og at dei ulike føresegnene kan seijast i kraft til ulike tider.

Punkt 2 fastsetjar overgangsreglar for enkelte av forslaga.

Einingsregisterlova § 23 og føretaksregisterlova § 10–2 er foreslått endra slik at registreringseininga sine brev og forretningsdokument skal innehalde m.a. føretaksnamn. Føretak som allereie er registrerte treng ein overgangsperiode for å få tilpassa brev og dokument til dei nye krava. Departementet foreslår ei overgangsperiode på to år for dei føretaka som er registrerte før lovendringa trer i kraft.

Etter forslaget til endring i føretaksregisterlova § 3–2 blir minimumskrava til vedtekter for selskap med avgrensa ansvar endra, ved at det blir sett krav til at vedtektene skal innehalde opplysningar om forretningskommune. Denne føreseigna skal også gjelde for selskap som allereie er registrerte, og det er etter departementet si vurdering rimeleg at dei får ei overgangsperiode for å få retta opp vedtektene. Vedtektsendringar kan berre vedtakast i generalforsamling/årsmøte, som til vanleg blir halde ei gong i året. Departementet foreslår ei overgangsperiode på to år for dei føretaka som er registrerte før lovendringa trer i kraft.

For dei andre foreslåtte endringane er det ikkje behov for særlege overgangsreglar.

Om lov om endringer i lov 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret, lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak og i enkelte andre lover

Nærings- og handelsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under på eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringer i lov 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret, lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak og i enkelte andre lover.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringer i lov 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret, lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak og i enkelte andre lover i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i lov 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret, lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak og i enkelte andre lover

I

I lov 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret skal det gjerast desse endringane:

§ 1 andre ledd nytt tredjepunktum skal lyde:

Offentlige organer og registre som ikke er tilknyttede registre, plikter, der det er praktisk mulig, å benytte opplysninger fra Enhetsregisteret.

§ 4 første ledd bokstav b skal lyde:

b) Selskaper, foreninger, stiftelser, *verdipapirfond*, bo og andre juridiske personer. Dødsbo og felleseiebo som identifiseres ved fødselsnummer, og indre selskaper, er likevel ikke registreringspliktige.

§ 4 nytt tredje ledd skal lyde:

Krav om registrering i Enhetsregisteret kan også følge av særskilt bestemmelse gitt i eller i medhold av lov.

Noverande tredje og fjerde ledd blir til fjerde og femte ledd.

§ 5 andre ledd bokstav c skal lyde:

c) *Organisasjonsform*

§ 6 første ledd bokstav b skal lyde:

b) Sameiere. *Dette gjelder ikke for sameier som er seksjonert etter eierseksjonsloven.*

§ 8 skal lyde:

§ 8 *Dokumentasjon av opplysningene*

Det kreves skriftlig erklæring fra daglig leder, forretningsfører, innehaver eller tilsvarende kontaktperson om at de opplysninger som meldes, er riktige.

Registerfører kan kreve fremlagt den dokumentasjon han finner nødvendig for å vurdere om det som meldes, er riktig. Ved førstegangsregistrering av enheter som ikke er enkeltpersoner eller enkeltpersonforetak, skal det fremlegges stiftelsesdokument dersom det finnes, og ellers annen dokumentasjon for at enheten eksisterer. Ved første gangs registrering av slike enheter skal det i tillegg vedlegges vedtekter dersom slike finnes.

Registerfører kan bestemme at *andre ledd* ikke skal gjelde for enheter hjemmehørende i utlandet som ved registrering i Enhetsregisteret fremlegger bekreftet utskrift fra offentlig registreringsmyndighet i hjemlandet som viser at enheten er stiftet eller opprettet i henhold til hjemlandets lover. I den grad en slik utskrift inneholder opplysninger som nevnt i § 6, kan registerfører bestemme at den legges til grunn som dokumentasjon for også registrering av disse opplysningene.

Hvis enheten ikke skal registreres i Foretaksregisteret, må dessuten følgende dokumentasjon vedlegges meldingen dersom slike opplysninger meldes:

- a) *protokoll som viser valg av styre*
- b) *erklæring fra revisor om at han påtar seg oppdraget*
- c) *erklæring fra regnskapsfører om at han påtar seg oppdraget*
- d) *protokoll fra kompetent organ eller vedtekter som viser tildeling av signatur*
- e) *protokoll eller erklæring som viser tildeling av prokura.*

Erklæring fra revisor og regnskapsfører kan fremgå av meldingsblanketten.

Kravet til vedlegg gjelder både ved førstegangsregistrering og ved senere endringer, i den grad det meldes opplysninger som betinger vedlagt dokumentasjon.

Ny § 15a skal lyde:

§ 15a. *Endringsmeldinger fra andre*

I andre enheter enn enkeltpersonforetak og registrerte enkeltpersoner kan en rolleinnehaver som har trådt ut av registreringsenheten, selv gi melding om dette.

Den som har ervervet dom om forhold som er eller skulle ha vært meldt til Enhetsregisteret, kan forlange opplysningene endret i samsvar med domsresultatet.

Domstolene og andre offentlige organer gir Enhetsregisteret melding om forhold vedrørende registrerte enheter når det i særlovgivningen er gitt bestemmelser om dette.

På bakgrunn av dom, kjennelse eller annen rettslig beslutning kan domstolene begjære opplysninger om innførte enheter inntatt i registeret.

Om lov om endringer i lov 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret, lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak og i enkelte andre lover

§ 17 første ledd nytt andre punktum skal lyde:

Ved kontroll av om enheten er en registreringsenhet etter § 4, samt om en innmeldt rolleinnehaver kan registreres i registeret, kan registerføreren også prøve om opplysningene er i samsvar med andre lover og forskrifter.

§ 17 første ledd noverande andre punktum blir tredje punktum.

§ 20 nytt andre ledd skal lyde:

Opplysninger som er registrert i andre registre enn de tilknyttede registrene, kan innhentes og registreres i Enhetsregisteret når registerfører mener det ikke er betenkelig.

§ 22 andre ledd første punktum skal lyde:

Enhver har rett til å få tilgang til og utskrift av opplysninger registrert i Enhetsregisteret.

§ 23 Dokumentopplysninger skal lyde:

En registreringsenhets brev og forretningsdokumenter skal inneholde enhetens organisasjonsnummer og navn. Dette gjelder ikke for enkeltpersoner som ikke er innehaver av enkeltpersonforetak. For enheter registrert i Merverdiavgiftsmantallet skal salgsdokumenter i tillegg inneholde bokstaven MVA plassert bak organisasjonsnummeret.

§ 25 nytt tredje ledd skal lyde:

Dersom det er uklart hvordan feilen skal rettes, eller den av andre grunner ikke kan rettes uten etter ny melding fra enheten, kan registerføreren ta inn en opplysning om feilen i registeret. Samtidig skal han pålegge enheten å gi ny melding innen en bestemt frist.

§ 26 Sletting av opphørte enheter skal lyde:

Dersom er registerføreren har grunn til å tro at en enhet er opphørt, skal han varsle enheten eller den meldepliktige kontaktperson om at enheten kan bli slettet dersom det ikke innen en nærmere angitt frist fremkommer opplysninger som gjør det sannsynlig at den fortsatt består.

Har Enhetsregisteret mottatt melding etter konkursloven § 138 andre ledd om at bobehandlingen er avsluttet i medhold av konkursloven § 128 eller § 135 i registrert foretak med ubegrenset ansvar, skal registerføreren gi de registreringspliktige varsel om at dersom de ikke innen ett år gir opplysninger om at enheten fortsatt består, vil enheten bli slettet. Gis det ikke slike opplysninger innen fristen, skal enheten slettes av registeret.

Bestemmelsene i første og andre ledd gjelder ikke dersom et tilknyttet register etter særlovgiv-

ningen er tillagt ansvar for sletting av opphørte enheter.

II

I lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak skal det gjerast desse endringane:

§ 3–2 andre ledd nr. 2 skal lyde:

2. Selskapets forretningskommune

§ 3–2 andre ledd noverande nr. 2–7 blir nr. 3–8.

§ 4–3 (underskrift) skal lyde:

Melding til registeret etter § 4–1 skal være underskrevet av samtligemeldepliktige eller av signaturberettiget.

§ 4–4 første ledd bokstav f skal lyde:

Dersom meldingen gjelder nyregistrering eller endringer som berører deltakerforholdet, skal det vedlegges erklæring fra ansvarlige deltakere som ikke har underskrevet meldingen, om at meldingen skjer med deres samtykke. Tilsvarende erklæring skal gis av ansvarlig deltaker som er trådt ut av selskapet når det inngis melding fra foretaket om uttreden.

§ 6–2 andre ledd andre punktum skal lyde:

Registerføreren skal videre påse at opplysningene som skal offentliggjøres i De Europeiske Felleskaps Tidendes EØS-avdeling, jfr. forordningens artikkel 11, oversendes Kontoret for De europeiske fellesskaps offisielle publikasjoner innen en måned etter kunngjøring i Brønnøysundregistrenes elektroniske kunngjøringspublikasjon.

§ 7–3 første ledd andre setning skal lyde:

Dersom det ikke kommer svar innen fristen, skal tilsvarende varsel også kunngjøres i Brønnøysundregistrenes elektroniske kunngjøringspublikasjon og i en avis som er alminnelig lest der foretaket ifølge registeret har sitt forretningskontor.

§ 7–3 andre ledd blir oppheva. Noverande tredje, fjerde og femte ledd blir andre, tredje og fjerde ledd.

§ 10–2 (dokumentopplysninger) skal lyde:

Et foretaks brev, kunngjøringer og andre dokumenter skal inneholde foretakets organisasjonsnummer og foretaksnavn. For foretak som er registrert i Merverdiavgiftsmantallet, skal salgsdokumenter i tillegg inneholde bokstavene MVA plassert bak organisasjonsnummeret.

Et aksjeselskaps og et allmennaksjeselskaps brev, kunngjøringer og andre dokumenter skal *i tillegg* angi det register der selskapet er *registrert, selskapsform*, hovedkontor og eventuelt at selskapet er under avvikling. Er aksjekapitalen angitt på disse dokumenter, skal den tegnede og innbetalte aksjekapital angis.

For filial av utenlandsk foretak, jf. § 3–8, skal filialens brev, kunngjøringer og andre dokumenter *i tillegg* angi det register filialen er *registrert i*. *I tillegg* skal det angis opplysninger om hovedforetaket som nevnt i *andre* ledd.

Dersom et foretaks dokumenter ikke inneholder opplysninger som pålagt i *første, andre og tredje* ledd, kan registerfører ilegge foretaket og de som har meldeplikt etter § 4–2 første ledd løpende tvangsmulkt inntil dokumentene er i samsvar med denne bestemmelsen. Det samme gjelder opplysninger som nevnt i forordning (EØF) nr. 2137/85 art. 25, jfr. EØFG-loven § 1. Departementet kan gi regler om fastsettelse og beregning av tvangsmulkt og om ettergivelse av ilagt mulkt. Vedtak om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg.

§ 10–6 (*lovens anvendelse på Svalbard og Jan Mayen*) skal lyde:

Kongen kan i forskrift bestemme om loven helt eller delvis skal gjøres gjeldende på Svalbard og kan fastsette særlige regler av hensyn til de stedlige forhold.

III

I lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs skal det gjerast desse endringane:

§ 79 andre ledd nr. 2 skal lyde:

2) *Enhetsregisteret, dersom skyldnerens virksomhet er innført der,*

§ 79 andre ledd noverande nr. 2 og 3 blir nr. 3 og 4.

§ 138 andre ledd første punktum, skal lyde:

Føreren av Konkursregisteret sørger for at av-

sluttet bobehandling blir meldt til de registre som er nevnt i § 79 annet ledd nr. 1, 2, 3 og 4.

§ 138 andre ledd tredje punktum, skal lyde:

Er skyldneren en stiftelse eller en sammenslutning med begrenset ansvar, og bobehandlingen er endelig avsluttet i henhold til §§ 128 og 135, skal føreren av Konkursregisteret samtidig anmode om sletting av sammenslutningen i *Enhetsregisteret* og Foretaksregisteret.

IV

I lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavernes dekningsrett skal § 1–3 andre ledd første punktum lyde:

Fristdagen ved tvangsoppløsning etter konkurslovens regler av aksjeselskaper i medhold av aksjeloven § 16–15, jf § 16–18, og av allmennaksjeselskaper i medhold av allmennaksjeloven § 16–15, jf § 16–18, er dagen da kunngjøring som nevnt i aksjeloven § 16–16 annet ledd eller allmennaksjeloven § 16–16 annet ledd *for vedkommende selskap ble kunngjort i Brønnøysundregistrenes elektroniske kunngjøringspublikasjon.*

V

Ikraftsetjings- og overgangsreglar:

1. Lova gjeld frå den tid Kongen fastset. Kongen kan setje i kraft dei ulike føresegnene til ulik tid.
2. Einingar eller føretak som er registrerte før endringane i einingsregisterlova § 23 første ledd første punktum og føretaksregisterlova § 10–2 første ledd første punktum blir sette i kraft, må oppfylle dei nye krava om kva dokument, brev og kunngjeringar skal innehalde innan to år etter at lova har teke til å gjelde.
3. Føretak som er stifta før endringane i føretaksregisterlova § 3–2 andre ledd blir sette i kraft, skal endra vedtektene sine i samsvar med lova innan to år etter at lova har teke til å gjelde.